# Bergensposten.

NR.3 september 2017 20. ÅRGANG

STATSARKIVET I BERGEN

Bergensposten er en publikasjon som har vært utgitt av Statsarkivet i Bergen siden 1998. Dette er det 51. heftet i rekken.

Ansvarlig redaktør: Yngve Nedrebø
Ansvarlig for utforming: Tom Myrvold
Trykk: Statsarkivet i Bergen
Opplag: ca. 1000
Redaksjon avsluttet: 24. september 2017

Omslaget: foto av den nye fana til Sunnfjordlaget Bergen. Denne fana er laga i 1982 og måla av Skavhellen.

# Sunnfjordlaget i Bergen 100 år

## *Sunnfjordlaget Bergen*

## *Styrkjer samkjensla mellom Sunnfjordingar i Bergen*

**Gammal fane, vigsla 1926, framsida og baksida**

ISSN 1501-4436

# Bergensposten.

## Innhald

Morten Sandøy: Prolog .....2
Steinar Melvær: Jubileumssong .....4

Kva er Sunnfjordlaget?.....5

Ola Dalebø: Til Sunnfjordlaget .....6

Sunnfjordheimen ..... 12

Yngve Nedrebø: Sunnfjordingen—kven er han? ..... 16

A.J. (1927): Lagssoga—litevetta um formennene …….. 26

”For den utvandra sunnfjordingen fell det naturleg å søkja heimatt i tankar og kjensler» .....30

Formenn i Sunnfjordlaget i Bergen –1992 ……33

Leiarar for «nye» Sunnfjordlaget 1998-2017 …… 36

Jon Gåsemyr: Eit minne om Sunnfjordlaget for 50 år sidan ……. 37

Einar Offerdal: Litt om Sunnfjordingen før og no ……44

Jubileumsfestane 1992 og 2007 ……47

Originalt tresnitt «Soleienatt» av Nikolai Astrup …… 48

Per Johan Askevold: Nye Sunnfjordlaget ..... 49

# PROLOG

**I dag er vi samla til feiring og fest.**
**Akkurat slik vi likar sunnfjordingar flest.**

**Det er smått utruleg at 100-åringen består,**
**for det har vore mange tøffe og vanskelege år.**

**Ros til slitarane som aldri gav opp motet.**
**Sjølv i tunge tider heldt dei laget på fote.**

**Uvær og storm har sett sine spor.**
**Verst  i forfjor då taket for.**

**Sunnfjordingen let seg ikkje skremme av vind og ver.**
**Sjølv om tak og trær til himmels fer.**

**Flittige hender tok raskt affære, slik**
**dugnadsånd i eit lag skal være.**

**Dei eldste gjekk føre med hammar og spikar.**
**Førebilder for alle, det er slikt vi likar.**

**Takk til alle i styre og stell,**
**som har mykje av æra for at vi er samla her i kveld.**

**Ikkje minst rådet som med myndig hand,**
**har sørga for at laget ligg trygt i land.**

**Vi har etterlyst ungdommen, kvar blir dei av?**
**Er tilboda så mange at dei ikkje treng noko lag?**

**Kanskje feirar vi likevel nye hundre,**
**Det har faktisk skjedd større undre.**

**Morten Sandøy**

# JUBILEUMSSONG

Tone: Ja vi elsker

Her vi samlast alle saman,
sei meg, kvifor det?
Jau, vårt lag i fryd og gaman
feirer jubilé.
Hundre år i hav har svunne,
frå den store dag,
:/: då ein staut Viksdøling kunne
mura grunn for dette lag :/:

Henrik Kjeldstad dei han døypte,
drøymde neppe då:
Kva den guten skulle utrette,
og grofull sæd å så.
Ludvik Hov og han dei skapte
her i denne by,
:/: eit sanctum heilt aparte,
der sunnfjordfolk fann ly :/:

Båe var dei karer gasta,
og «Fjellsporven» grodde snart.
Dei bladet «Vetterkvelden» starta,
og lagsarbeid skaut fart.
Dermed strøymde det til fleire
rundt frå Sunnfjordsland
:/: Dei tenkte so no «va da beire"
for laget å skifte namn :/:

Sunnfjordlaget i Bergen vart det
som på fana står.
I nittennitten kom det lover
for det som føregår.
Mange gilde menn og kvinner
har laget fostra fram.
:/: Ja so mang' vi ikkje vinner
her å nemna dei ved namn :/:

Laget starta mangt eit tiltak,
sette folk i sving.
Spel og skyttar- saum og mållag,
og so ein leikarring.
Sidan vart det hus og hytte,
gryn i bank og boks.
:/: Fleire vart til laget knytte,
og spira grodde og voks :/:
I vår festrus ikkje gløym dei
som i brodden gjekk.
Heller ikkje dei som streva
og sjeldan takkord fekk.
Dei som fram har laget bore
til det kom i mål.
:/: For dei vi reiser oss rundt bordet
og drikk ei takkens skål :/:

**Steinar Melvær**

# Kva er Sunnfjordlaget?

Sunnfjordlaget i Bergen er eit allmennnyttig lag – nærast ein stiftelse – som er eigd av sine medlemmer. Laget vart stifta 7. desember 1917 av utflytta Sunnfjordingar frå Sogn og Fjordane, og hadde som føremål å samle folk frå Sunnfjord til felles aktivitetar og festlege samkome.

Laget sine lover seier at alle som ætta frå Sunnfjord og alle dei som vil støtta formålet med laget, kan vere medlemmar i laget. I dag er vi omlag 100 medlemmer som atter møtast til sosialt samkvem og dyrking av felles interesser på «Sunnfjordheimen» i Fana. Drifta i Sunnfjordlaget har vore mangfaldige opp gjennom åra med Sunnfjordheimen som det naturlege samlingspunktet for lagsmedlemmane. Kulturaktivitetane har vore mellom anna songlag, spellag, teater-lag, leikarring, saumarlag(husflid), skyttarlag, marknader, kafédrift og dansefestar. I tillegg til at laget har betydd mykje for den enkelte medlem har også dette hatt ein ringverknad for Bergen by reint allmennkulturelt. Folk frå Sunnfjordlaget var til dømes mellom dei fremste under skipinga av sams særlag i Bergen (m.a. idrettslaget Gular og Bygdelagsnemndi i Bergen) og ved skipinga av Vestlandske Teaterlag og Setermuseet på Fanafjell. Sunnfjordlaget er medlem av Bygdelagsnemdi i Bergen.

Når ein ser attende på alle desse åra som laget har eksistert, så har lagsarbeidet gått i bølgjedalar. Periodar med stor aktivitet har vorte avløyst av år med mindre aktivitet. I store deler av 1990-talet var det svært liten aktivitet i laget, før ein ny gjeng sunnfjordingar i 1999 gjekk i gang med å blåse nytt liv i laget. Ein må sanne at i dag er det mykje vanskelegare å drive tradisjonelt lagsarbeid enn tidlegare, og dette gjeld ikkje berre Sunnfjordlaget, men mykje av ideelt lagsarbeid. Den store utjamninga mellom by og land, og at ungdommen har meir pengar mellom hendene har gjort at interessene og ressursar er spreidde over mange felt, og i større grad lokalisert til det enkelte nærmiljø i Bergen og omegn.

Dette har styret tatt til etterretning, ved å ha hatt fokus på naudsynt opprustning av eigedomen i perioden, slik at ein gjennom det har lagt forholda til rette for medlemmer med gode idear og som ynskjer å bruke eigedomen til ymse aktivitetar.

## *Ola Dalebø:*
# Sunnfjordlaget 1953-2017

Sunnfjordlaget i Bergen jubilerer. 100 år er ein god alder også for eit lag  Ola Dalebø har vore med i laget i nesten 2/3-delar av denne tida, gjennom 64 år. Han har vore formann i to periodar og han har lagt ned tallause dugnadstimar for laget og eigedommane til laget.

Med den lange fartstida og den sentrale plasseringa er det rimeleg at han skal få fortelje om kvifor Sunnfjordlaget har vore så viktig for han.

Ola Dalebø er fødd i Jølster i 1935, og vaks opp i ei bygd som gjennom lang tid hadde vore prega av økonomisk stillstand. På 1930-talet var det få som kunne skaffe seg utdanning eller komme i lære. Etter konfirmasjonen måtte dei fleste finne seg arbeid som drenger eller terner, og lønna var oftast ei krone dagen.

Så kom krigen. Krigsåra var prega av at det var liten tilgang på utanlandske varer, men bøndene hadde i alle tider vore langt på veg sjølvforsynte gjennom eigen produksjon. Gjennom krigsåra endra nokre ting seg. Økonomien var på mange måtar god. Før hadde det vore varer å få kjøpt, men det var lite pengar å kjøpe for. Under krigen fekk folk tak i pengar, men det var lite å få kjøpt. Det var rasjonering og vanskeleg å få gode varer.

Då freden kom i 1945 var mykje endra. Det var vokse fram nye industriarbeidsplassar og det var komme på plass mange bitar av ein ny infrastruktur. Mange stader var det store skader etter krigen, og det vart leita etter ressursar som kunne settast inn

*Over: Sunnfjordmuseet i Movika.*

*T.v.: Fylkesblomsten revebjelle.*

på gjenreising og utbygging.

Men bygder som Jølster kunne framleis ikkje komme opp med mange nye arbeidsplassar. Difor måtte den unge Ola gjere som tusenvis av jølstringar før han. Han måtte flytte ut.

- Eg gjekk på skule i Jølster, og etter skulegangen var eg to somrar dreng i Sogn. Der vart eg autorisert fruktsorterar, med sertifikat! I 1952 gjekk eg på eit snikkarkurs på Ålhus.

- Reelt var det den gongen berre to alternativ. Ein kunne reise til Møre for å få seg arbeid på møbelfabrikk, eller ein kunne reise til Bergen.

- Eg kom til Bergen då eg var 18 år gammal, i 1953. Det var ei lang reise frå Jølster til Bergen, den tok tid og det var stor avstand. I dag kjem vi fortare og enklare til Nice eller Seattle! Ikkje var det råd å bruke telefon, og det var ikkje mogeleg å reise heim anna enn i feriane.

- Ein gong vart eg intervjua i Firda. Då fortalde eg at eg visste kva heimlengsel var!

- Men eg var på mange måtar heldig, for då eg kom til Bergen budde eg hos ei grandtante, slik at eg slapp det hybeltilvære, som mange andre freista. Og denne grandtanta hadde ein son som var meistersvein hos ein byggmeister, og gjennom bekjentskapet fekk eg meg plass som tømrarlærling hos byggmeister Myrtveit i Fana. Han dreiv med husbygging og reperasjonar, og hadde fire-fem mann i arbeid. Men arbeidet mitt hos han vart kortvarig, for han omkom alt i 1954, då han vart

*Sunnfjordingen Jakob Sande, poet og fleire gongar kåsør og talar på stemnene til Sunnfjordlaget i Bergen.*

påkjøyrd av toget på Midtun. Etter det reiste eg i militæret, og då eg var ferdig der, gjekk eg på yrkesskule i Norheimsund. Og så kom eg attende til Bergen og Sunnfjordlaget.

- Eg har arbeida i byggebransjen, på mange forskjellige plassar. Det var eit hardt arbeid, og eg har ramla ned. Det kjenner eg på ryggen no. Det var ei utruleg utvikling i byggebransjen. Då vi sette opp høyblokkene på Strimmelen skulle alt gjerast for hand. Då vi skulle bygge firmannsboligar ved Fana kyrkje hadde vi ikkje krane, og måtte heise opp alt sjølv. Kappsaga var viktigaste verktøyet, og med det laga vi til og med kjøkkeninnreiinga. Og vi stod

og blanda for hand. Men frå rundt 1956 vart byggebransjen revolusjonert. Då kom det prefabrikerte delar og store kranar.

- Bylivet gav mykje einsemd, og då var Sunnfjordlaget veldig godt å ty til. Der traff du likesinna og folk med same bakgrunn som ein hadde sjølv.

- Ein må óg hugse på at utelivet den gongen ikkje var det samme som no. Tilbodet var stort sett berre kino og bygdelaga.

- Sunnfjordlaget hadde lege nede under krigen, men starta opp igjen frå 1946/47, og fekk si storheitstid fram til tidleg på 1950-talet. Mangelen på arbeidskraft i Bergensområdet sørga for at det strøymde til folk frå bygdene. Veldig mange kom frå Sunnfjord i desse åra.

- I vinterhalvåret hadde Sunnfjordlaget møte annankvar tysdag i Gimle. Der var det krav om minst ein time underhaldning. Det var litt av ei oppgåve å sikre program. Ikkje hadde vi telefon, og vi var på arbeid frå 7.30 til 16.00 frå måndag til fredag, og lenge arbeida vi kvar laurdag. Programmet var dels ved innleigde folk, som heldt kåseri, men som ein del av programma var det våre eigne medlemmar som opptrådte. Etterpå var det dans med trekkspel, det vart nærmast ein bygdedans.

*Sunnfjordlaget 17. mai 1950, på høgda av storheitstida*

Innsatsen for å få det til var ganske stor. Danseutelivet i Bergen den gangen bestod i hovudsak av Stjernesalen og Speilsalen. Bygdelaga hadde tilbod om dans i Gimle og Fensal. Bergensarane gjekk helst på dans i Vikinghallen og Turnhallen.

- Dansetilstelningane sikra hovedinntekta for Sunnfjordlaget. Lenge var det stort sett alltid fulle hus. Men etter 1952/53 tok interessa for Sunnfjordlaget til å dale. Mange av dei som var komne til Bergen etter krigen hadde fått eigen familie, og dei var då travelt opptekne andre stader. Og det var ei viss utvikling både på underhaldningsfronten, og med det å kunne reise heim.

- I sommarhalvåret var Sunnfjordheimen i Morvik viktig, med aktivitet stort sett heile tida. Den vart brukt til rekreasjon og der var det fulle hus stort sett heile sommaren. Utrolig mykje dugnadsarbeid vart utført. Fast innslag var sommarstemne. Då kunne det vere skuespel i regi av «spellaget». Til desse festane henta vi kjende festtalar. Jakob Sande var der nokre gongar. Og Ludvig Botnen var der. Desse festane var familiesamkomer. Det var ikkje vei til Morvik i dei tider, så det var å reise med nordhordlandsbåtane «Hosanger» og «Bruvik».

-17. mai var ein viktig festtag, der laget gjekk i prosesjonen i Bergen, og hadde fest i Morvik etterpå,

- Då vegen kom til Morvik, skulle den leggast over tomten ril Sunnfjordlaget, og huset måtte flyttast. Både utgravinga og støypinga av grunnmuren var gjort av medlemmane — og på dugnad. Det var ein utruleg innsats! Sjølve flyttinga av huset tok ein entreprenør seg av, og då vart brukt skinner.

- Etter 1960 var det slutt på medlemsmøta annankvar tysdag Mykje hadde skjedd. Det var mange fleire resturantar, fjernsynet kom og må få ein del av skulda. Studentane fekk sin eigen lag.

Men heilt fram til 1970 var likevel aktiviteten rimeleg bra. Laget var med på ein amatørskuespillkonkurranse, og Sunnfjordlaget vart nummer to. Hytta var samlingspunktet for laget.

-- Etter at vegen var kommen til Morvik, kom det ei sterk utbygging i området, og det vart leita etter nye byggetomtar. Det var snakk om at Åsane kommune ville ekspropriere eigedommen til Sunnfjordlaget. Og då fann vi at det var like greit å selje. I mars 1968 vart eigedommen selt til AS Åsane Tomteselskap for 287.000 kroner. Tomten var på vel 14 mål. Sunnfjordlaget hadde rett til å bruke husa til ny hytte var funnen.

-Det vart leita etter ny hytte, og til sist fann vi ein høveleg plass på Grimstad i Fana i 1969. BMV hadde hatt planar om å flytte ut verksemda si frå bykjerna, og dei hadde kjøpt opp mange tomtar i området rundt Dolviken i Fana. Men så vart det på Hordvikneset i Åsane dei slo seg ned, og då kunne dei avhende tomtane i Fana. Ein av dei var det Sunnfjordlaget kjøpte.

*Dugnadsgjengen i sving på hytta i Morvik.*

- Hytta hadde vore Sundt si personalhytte, men var overteken av BMV. Tomten vart skilt ut i 1940 frå Ytre Hope, og var først eigd av Olaf Løvstakken. Han selde i 1952 til Sundts funksjonærers rekreasjonsfond, og dei selde i 1957 til A/S Bergens Mekaniske Verksteder for kr. 250.000. Overdraginga omfatta tre bruk, som i 1963 vart slegne saman til eit.

I mars 1969 vart eigedommen seldt til Sunnfjordlaget for kr. 220.000.

-Etter flyttinga til Grimstad var det ganske høg aktivitet ut gjennom heile 1970-talet. Det vart arrangert rebusløp, og det vart spela fotballkampar mot andre bygdelag.

- Frå 1970 var det ei ordning med husmor og husfar, så hytta var veldig mykje i bruk. Som husmor og husfar fungerte Ragnhild og Sverre Kvammen, og dei gjorde ein stor innsats og fortener stor takk. Folk hadde familiane med.

- Eg hadde små ungar på den tida, slik at eg ikkje vart så sterkt engasjert sjølv i desse åra.

- Men etter 1980 stilna mange av aktivitetane av. Etter den tid var det tilstellingar og dugnad som prega det som skjedde i Sunnfjordlaget. Den harde kjerna bestod av einslege. Studentane var i lita grad involverte.

- Etter 1987 låg laget på det næraste i «dødvatnet». Aktiviteten låg nede og hytta fungerte om lag som ei privathytte. Vi feira 75 år i 1992 med jubileumsskrift og tilstelling.

- Frå 1998 tok nokre ildsjeler inititaitvet for å få laget i gang igjen. Då var det ein ny generasjon som tok på seg ansvaret. Det var ei ny tid. Lagsabeidet som hadde prega laget gjennom dei første tiåra, var det ikkje lenger snakk om. Aktivitetane har vore med utgansgpunkt i Sunnfjordheimen.

- Det har alltid vore arrangert haustfest. Dei har vore kalla skjeltefestar.

- Elles har aktiviten vore dugnadsarbeid. Og det har det vore rikeleg av. To gongar dei siste åra har orkanar herja Sunnfjordheimen. Det gav store skader og stor innsats i ettertid for å reparere og bygge opp att.

**2017 ?**

- I dag har folk mykje meir fritid, men dei er mykje travlare enn før. Det er så mamge tilbod. I dag kan alle sette seg i ein bil og vere heime i Sunnfjord på 3 1/2 til 4 timar.

- Svært mykje har endra seg på 64 år!

# Sunnfjordheimen 1 og 2

Sunnfjordheimen er og har vore det faste samlingspunktet for Sunnfjordlaget. Og hadde det ikkje vore for Sunnfjordheimen så hadde det neppe vore noko aktivt Sunnfjordlag i dag.

Den første Sunnfjordheimen i Ytre Morvik (Åsane) vart kjøpt for 10.000 kroner i 1929, etter at ei utferdsnemd med Nils Lerpold som formann vart nedsett i 1926, og hadde som oppgåve å skaffa ein utferdsstad for laget.

Eigedommen som var skilt ut frå Mjølkeråen, var skyldsett i 1918, og hadde frå 1922 vore eigd av Asfaltpap og Træcementpapirfabrik AS. På eigedommen var det disponentbustad, fabrikklokale og brygge. Tomten hadde opphaveleg namnet «Schrøderheim» etter ein av dei tidlegare eigarane. Men no vart det «Sunnfjordheimen», og det er det framleis.

Laget sette husa i stand og ein utruleg innsats vart gjort av medlemmane, både jenter og gutar, med utbygging og vedlikehald. Under krigen tok dei tyske okkupantane hand om Sunnfjordheimen og den var mykje nedslurva då freden kom. Det vart gjort stor innsats for å få sett husa i stand att, og etter nokre år vart hovedhuset flytta til ny grunnmur med flott kjellar og kjøkken. Nesten alt arbeid vart gjort av medlemmane, og det vart halde mange kjekke møter og festar i åra som kom, med oppvisning av skodespel og dans på «bua».

Lenge var ein avhengig av båtskyss for å komme seg fram til Morvik, men i slutten av 1960-åra kom det veg fram til, og over eigedomen. Busetnaden i området auka og nærma seg Sunnfjordheimen.

Då det kom rykte om at Åsane kommune ville ekspropriera eigedomen,


22. Tingl. Skjøte. Undertegnede Norsk Asfaltfaps & Tracementfabrikk, Hs skjøter og overdrar Stempelmerker herved i henhold til uttinglest kjøpekontrakt av 26. juni d.a. den til 100 kroner lød ved skjøte dat 15. juli, tinglest 6. august 1919 hjemlede eiendom, Gaardsnr 82, bruksnr 16, „Schröderheim" av skyld 8 øre, Melhervaan i Haanre tinglag til Sunnfjordlaget i Bergen. Kjøpesummen, Kr 10000.- tiltusinde kroner - er betalt kontant. Eiendommen solgtes med rettigheter og forpliktelser, som vi har eiet den, dog uten gjenerende hæftelser. f. t. Bergen, den 16. juli 1929. Norsk Asfaltfaps & Tracementfabrikk, Hs K. B. Schröder Sandine Stykhavn Adler Schröder.

vedtok laget etter nøye drøftingar at ein skulle selja eigedomen til høgstbydande.

Laget nedsette ei nemd for å sjå seg om etter ein ny utferdsstad. I 1968 selde laget Sunnfjordheimen i Morvik for kr. 287.000,- og i mars 1969 kjøpte ein så (etter å ha sett på tallause andre eigedomar) eigedomen til Bergens Mekaniske Verksted på Grimstadneset i Dolviken, Fana.

Det er ein svært vakker eigedom med eit areal på ca. 8 mål, med stort hovedhus og naust. Huset, som er på om lag 280 m2, vart oppført i 1953 med tilhøyrande naust på 35 m2, og har ei omlag 100 m lang strandlinje mot Grimstadfjorden.

Huset er forma som ein hestesko og eigedommen ligg svært flott til og er naturleg avskjerma og utan innsyn frå andrenaboeigedomar.

Huset har 2 stover med peis, moderne kjøkken, 3 bad/toalett med dusj, 5 soverom med om lag 20 sengeplassar (ta med sengetøy eller sovepose). Det er stoler, bord og kjørel som kan ta i mot omlag 45 middagsgjester innomhus. Utenomhus er det langbord o.l som gjer at ein kan ta i mot det doble.

Det har vore utført omfattande renovering av eigedomen i perioden 1999-2003, slik at den i dag framstår som ein tiltalande plass å vere for store og små. Nyoppussa og flislagte bad, nye golv i stover og gang, kjøkkenet er moderne med alle naudsynte fasilitetar, alle rom er nymåla og med nytt interiør, - for å nemne noko av det som er gjort.

Laget gav vel kr. 220.000,- for den nye Sunnfjordheimen, og ein må rosa dei styrande i laget for stor økonomisk

*Sunnfjordheimen i Morvik, rundt 1930.*

sans ved at det vart avsett kr. 100.000, - til eit fond der ein stor del av rentene skal brukast til vedlikehald av eigedomen. I dag kan ein selje den for det mangedoble av det ein kjøpte den for i 1969. Med så store hus har det vore store vedlikehaldsutgifter, og det har vore utførd eit imponerande dugnadsarbeid i alle desse åra. Ombygging, nytt tak, måling og det eine med det andre. Sunnfjordheimen har alltid hatt ein sentral plass i lagsarbeidet, og no meir enn før då andre aktiviteter i byen er korta ned til eit minimum. Vi får håpe at gode lagsfolk orkar å halde fram med arbeidet i tida som kjem. - Det arbeidet som Sunnfjordlaget har gjort gjennom alle desse åra har vore med, på sitt vesle vis, halde mangfaldet i den europeiske sivilisasjon vedlike.

227 Fjaseme herred

Gl. Skyld ..... Matr. No. ..... Løbe No. .....

Mjölkeraaen ~~Schrödersheim~~ Sunnfjordheimen v/.

Gaards No. 82 Brugs No. 16 Skyld 0 Mark 8 Øre.

| | Adkomster og Heftelser | Pantebog No. Fol. | Anmærkninger |
|---|---|---|---|
| 1. Aldre | Dokumenter se bem. 4, 6, 7 og 8, ved N side 49, 53, 55 og 57, hvorfra dette bruk er gjortskilt ved Skyldsetting forordning kngl. 18/5 nov. 1918 | | Alle hovedbruk er delte en av ovenstående i andre f.o.m. dette bruk |
| 2. ~~Gjestling~~ | ~~i overeensstemmelse med et overslag, hvad Skatten~~ | 42-575 | Bortsalt 7/5 1931. 53-358 |
| 3. Skjøte | fra ingen av bem. 4, 6, 7 og 8 Martin Magnussen, Kristian Monsen, Ole Simonsen og Andreas Nilsen Mellegaan til enkefru Marie Kristine Nyhavn paa dette bruk for 4800 kr. dat. 12/7 tingl. 3/9 1919 | 52-341 | Hjemmelen i orden. |
| 4. Skjøte | fra Marie Kristine Nyhavn til Norsk Asfaltpap & Tregjennemfabrik A/S paa dette bruk for 5000 kr. dat. 15/7 tingl. 6/11 1919 | 52-166 | Hjemmelen i orden. |
| 5. ~~Obligation~~ | ~~fra N/S Norsk Asfaltpap & Tregjennemfabrik til Paul Nyhavn i A. Schröder og adler Schröder til Hanne og Nyhavn Sparebank for 8000 kr. med pant i dette bruk med bygninger, Sentral fabrik bygning og maskiner samt kjørekai dat. 9/6, tingl. 6/8 August 1920~~ | 52-166 | Selskapets registret i Norges Handels, Sænd. Nyhavn Sparebank ved pant. Bygninger |
| 6. Attest | fra bestyreren om at Norsk Asfaltpap & Tregjennemfabrik A/S har opført bygge og fabrikbygning paa dette bruk, dat. 3/7 1920 tingl. 3/8 1920 | 52-166 | Bortsalt 5. nov. 1919 52-244 |
| 7. Kjøpekontrakt | ~~bygned Norsk Asfaltpap & Tregjennemfabrik N/S selger til Ole Olsen Olsen en parcel ved Stangvik paa dette bruk for 3000 kr., dat. 5/10 tingl. 18/10 1920~~ | 52-348 | Parcellen er udskilt til skilt som bem. 20. Fullbyrdelse under skjøte. |
| 8. Skyldsetting | forordning, hvorved paa dette bruk er udskilt en ny P.N. Olsen Olsen solgt parcel som er git en skyld av 1 øre av gammel Fagerli, dat. 28/5 oktbr. tingl. 13/dec. 1920 | 53-347 | Bem. 20 Fagerli se side 345. |
| | Bruksnr. 16 Schrödersheim er skyld | | 7 øre. |
| ~~9. Obligation~~ | ~~fra N/S Norsk Asfaltpap & Tregjennemfabrik til Martin Magnussen adler Schröder for 35000 kr. med pant i dette bruk med bygninger, maskiner og lampekjøkken, dat. 29/4 tingl. 3/juni 1922~~ | 54-485 | Bortsalt 6. mai 1925 54- |
| 10. Attest | fra bestyreren om at der paa dette bruk er opført dissementskog og utbrænt, dat. 1/8 1922 | 54-480 | |
| 11. Skjøte | fra ~~Norsk Asfaltpap & Tregjennemfabrik N/S ved A. Schröder, Kaudiner, Nyhavn og adler Schröder~~ til Sunnfjordlaget i Bergen paa dette bruk for kr. 70000.00, dat. 12/2 juli, tgl. 5/2 august 1929 | 64-242 | Hjemmelen i orden. |
| 12. Meddelelse | fra Sunnfjordlaget om, hvem laget skyldes lånes av, dat. 12/2 juni, tingl. 19/2 august 1929. | 64-249 | |
| 13. ~~Obligation~~ | ~~fra Sunnfjordlaget ved styrelsen til Bergens Brandforsikringsselskab for kr. 3000.00 med pant i dette bruk med bygninger, dat. 11/11 1929~~ | 64-249 | Slettet den 30/4-1947 dagbok nr. 860/47 B 3-41. |

Overført til ny grunnbok Kfr. 1711-50. N.B.K.

## *Yngve Nedrebø:*
# Sunnfjordingen—kven er han?

For nokre år sidan kom det ut ei bok, «Dei seie so ..» av Jens Brekke. Han ville – mest «på gauk», sa han - sjå på kva som særmerkte sogningane, sunnfjordingane og nordfjordingane. Han fann store forskjellar. Kort oppsummert vart det «sleivkjefta sogningar, trauste sunnfjordingar, og disiplinerte nordfjordingar».

Men Jens Brekke er slett ikkje den første som har teke på seg denne oppgåva, og eg har tenkt å grave litt ned i noko av det som har vore gjort før. Metodane som har vore nytta til slike studier har endra seg gjennom hundreåra, og seier ganske sikkert meir om si samtid, enn om temaet.

Alle har vore samde om at sunnfjordingen har vore noko for seg sjølv.

*Dei fire mennesketypane, slik dei var portretterte på 1700-talet.*

### Dommaren

Hans Arentz (1732-1793) var sjølv fødd i Sunnfjord og var gjennom 31 år sorenskrivar og dommar. Han møtte sunnfjordingane dagstøtt, og gjorde seg mange tankar om dei. Mot slutten av livet sitt skreiv han «Søndfjords beskrivelse». Der finn vi mykje, og ikkje alt han sette på papiret var like flatterande.

Hans Arentz ville i tråd med oppfatninga på 1700-talet dele menneska inn i fire typar: dei melankolske (tungsindige), dei sangvinske (lystige og optimistiske), dei koleriske (hissige og oppfarande) og dei flegmatiske (dei rolige). Oppfatninga var at det var blodet og gallen og ballansen mellom dei som avgjorde humøret til folk. Arentz slo fast at han kunne finne spor av i alle fall tre av desse mennesketypane i Sunnfjord. Ikkje så få kunne reknast som sangvinikarar, men det var melankolikarane som dominerte.Nokre var flegmatiske, men ekte kolerikarar fann han knapt spor av i Sunnfjord.

Når Arentz ville forklare «det søndfjordske Folks Sindsbeskaffenhed», som det heitte den gongen, var det i

havtåka og «Sødunsterne» han meinte å finne årsaka. Når den rå og tunge havlufta møtte dei høge fjella vart ho hengande mellom dei, og det påførte sunnfjordingane tjukt blod. Det gav dei tungt andedrett og dårleg blodomløp. Alt dette måtte etter hans meining føre til «Tungsindighed i højere eller mindre Grad, saa at det Melancholske Temperament bliver her, fremfor nogen andensteds, det meest gængse».

Tungsinnet og melankolien hadde sin pris. Hans Arentz skreiv at det var ei «Mængde beklagelige Mennesker af begge Kjøn, som her falde hen i Griller og urolige Tanker», ja i den grad at mange forkorta liva sine. Andre utøvde misgjerningar «i et Slags Vildelse». Dommar Arentz sukka, for han hadde opplevd at folk som berre var ondskapsfulle, og som hadde gjort handlingane sine av «Vrede, Had og Hevngjerrighed», straks dei vart tekne og sette under tiltale, skulda på tungsinn og «Urigtighed i Hovedet» dei og, for å få mildare straff.

Alle sunnfjordingar var ikkje like ille. Dei som heldt til inne i dalane budde høgare oppe, og hadde difor tynnare luft. Dei var betre, men heilt frie for tungsinn var ikkje dei heller. Sidan han rekna tungsinnet som eit resultat av lufta, kunne ein rekne med at plagene vart verre dess lenger folk levde og dess meir tung luft dei hadde pusta inn. Og det stadfesta han. Men heller ikkje den sunnfjordske ungdommen «besidder nogen høj Grad af Munterhed», og berre dei færraste av dei hadde den med seg «langt hen i deres Manddomsalder» før dei faldt «ud til et tungt Væsen», og vart melankolikarar dei og.

Hans Arentz var overraska over at sunnfjordingane, trass i tung luft og «maadelige Sindsbeskaffenhed», likevel ofte nådde høg alder. Det var ikkje uvanleg at ein leiglending sat med bruket i meir enn 40 år, og vart både 70 og 80 år gamle. Skulle ein stole på kyrkjebøkene var det og mange som nærma seg og nokre gongar passerte 100.

Så ville han sjå på «sjælekrefterne», og slo raskt fast at den sunnfjordske bonden «vel ikke i Almindelighed» hadde den «hastigste Fattekraft». Men om ein hadde fått banka noko inn i han, så «besidder han af Naturen en temmelig god Skjønsomhed eller Dømmekraft», slik at dei slett ikkje mangla det man «plejer at kalde en god sund naturlig Fornuft». Dei mangla heller ikkje evne til å trekke slutningar, sjølv om sunnfjordingens «Skjønneevne just ikke naaer nogen høj Dybsindighedsgrad». Han var i tvil om det kunne finnast mange blant bøndene som kunne ha glede av høgare utdanning.

Som sorenskrivar kunne han gje dei fleste sunnfjordingane attest for å vere ganske beskjedne når dei møtte styresmaktene, sjølv om nokre av dei var ganske slepne til å formulere seg med «Spidsfindigheder». Men der fantest situasjonar som gav sunnfjordingen vanskar med å «holde sig tilbage fra Grovheder». Det var når dei var komne i rettssaker. Spesielt om dei var ute i marka og skulle sjå på grensemerker.

Då var det ofte «tungt at tale for sig med Sindighed og Sømmelighed», og partane på begge sider ville då gjerne sette si ære i å «mundhugges med hinanden». Dommaren sjølv fekk som regel vere i fred, men den parten som følte han best hadde fått bruke munnen, «finder en slags Fyldestgjørelse deri, omendskjønt han taber Sagen». Men dette uviset var i ferd med å forsvinne, sa han, «uden i Jølster Skibrede, hvor og Trettekjærheden meest hersker». Det var det minste skipreidet, men hadde flest rettssaker.

Hans Arentz hadde reagert på at mange sunnfjordingar viste ein «taabelig Undergivenhed, ja endog velsigne dem, som forstaae bedst at trykke dem». Dei kunne vere servile, og kort sagt, den sunnfjordske bonden kunne ikkje kallast «grov eller oprørisk».

Dydene og lastene gjekk om kvarandre i Sunnfjord, på same vis som alle andre stader, og om sunnfjordingane hadde lastene i større eller mindre grad enn andre, kunne ikkje Arentz avgjere.

Sunnfjordingane var flittige med å gå til kyrkje og å søke nattverd. Under gudstenestene var dei andektige, stille og ærbare. og dei respekterte kviledagen. Så dersom den indre gudsfrykta svarte til den ytre, stod dei visst ikkje tilbake for nokon. Men Arentz var slett ikkje sikker på «denne Dyds almindelig Oprigtighed», og han mistenkte at den flittige kyrkjegangen heller skjedde for å «kunne samles og samtales», enn fordi dei så inderleg lengta etter å høyre guds ord.

Sunnfjordingane framstod som gjestfrie, men berre i ei viss grad. Arentz trudde slett ikkje «Gavmildhed just er den søndfjordske Bondes naturlige Charakteer». Det var sedvane, frykt eller forventa fordelar, som hos dei fleste var drivkrafta. Det var ikkje vanskeleg å få seg husrom, men skulle ein gå lenger enn det, vart den «hos de fleste tvungen», bortsett frå om det var «Omløberpak», for dei var flinke til å gje gåver. Å ta seg av dei fattige var ei tvangsplikt, men når det gjaldt å ta seg av fattige barn til oppfostring, såg han ofte «et godt Hjerte» og «virkelig Barmhjertighed». Sjølv om det her og kunne vere element av eigennytte, sidan dei fekk arbeidskraft. Sunnfjordingane var flinke å hjelpe til om nokon var ute for brann eller andre ulykker. Då stilte dei opp. Dugnadsånda var levande, og om nokon vart sjuk og fekk problem under vinnene, kom naboane raskt til hjelp. Arentz meinte dette meir kunne vere styrt av sedvane og redsel for «Foragt og Eftertale», om ein ikkje stilte opp.

Ekteskapa ordna sunnfjordingane «fuldkommen efter Statskunstens Regler», gjennom forhandling og allianse. Han trudde ikkje at så mange som ein av tjue «med ret god Samvittighed» kunne seie at dei hadde spurt hjertelaget sitt når det kom til val av ektefelle. Ekteskapet var noko som familiene tok seg av, og økonomi og utsikt til eit brukbart gardsbruk, var det styrande.

Foreldra i Sunnfjord hadde irritert Arentz med sin «overdrevne Ømhed i Opfoistringen» av barna. Han kalla

den kjærleiken foreldra viste barna sine var «næsten utidig». Og dette var noko foreldra heldt fram med livet ut. Dei visste ikkje kva godt dei kunne gjere, og mange valde ein «slavisk Alderdom», for å sikre barna sine.

Drukkenskap var mange stader rekna som den største lasta til allmugen. Hans Arentz kunne ikkje heilt frifinne sunnfjordingane, men det var ikkje mykje «Fylderie». Derimot peika han på at tobakken for sunnfjordingane var ei verre last enn drikkfeldigheit. Begge kjønn både røykte og tygde tobakk.

Dommar Arentz var heller ikkje nøgd med moralen til sunnfjordingane. Han hevda at både «Ukydslhed, endog det virkelige Hoer er altfor gængs». Han meinte det dels kom av manglande formue, slik at dei skuldige ikkje kunne kjøpe ein annan til å stille som far, som var vanleg mange andre stader. Han hevda og at «mangt et Qvindemenneske lader sig besvangre, ja mueligens gjør sig Umag derfor», «ikke altid af blot Ukydskhed eller besynderlig stor Grad af Kaadhed, men har vel og ofte Fordeels Attraae til Grund, da derved kan erholdes en god Amme-Tjeneste i Bergen».

Gravide brurer vart straffa, og det forekom ofte, men her ville Arentz unnskylde, då mange såg på det «i visse Maader som en Pligt og et Beviis på Ægteskabetsløftets Oprigtighed».

Trettekjære kunne nok sunnfjordingane òg vere, mest i Jølster.

Arentz ville og trekke fram ein «Tilbøjelighed til Tyverie, just ikke saa sige det grove og store, men af det smaa og ringere Slags», «thi dette holdes her fast ikke for nogen Synd, allerhelst naar det skeer mod en Formuende, og at det, som bortsnappes, ikke er af altfor stor Værdie, eller under Laas og Lukke». Han ville heller ikkje rekne sunnfjordingane for å vere «alt for redelig i sin Handel, naar han ikkun vel kan komme afsted med et lidet Jukserie».

Mange sunnfjordingar var ærekjære og kunne gjere krav på å «nyde det Fortrin, som de formene sig at tilkomme i Betragtning af deres Velstand eller Families Anseelse og deslige mer».

## Sosiologen

I Eilert Sundt fekk sunnfjordingane, sterkast kvinnene, ein forsvarar. Han gjorde på 1850– og 1860-talet mange reiser rundt i Noreg for å kartlegge ulike sosiologiske fenomen, og han var fleire gongar i Sunnfjord.

Då han kom til Sunnfjord i 1864 var det to ting han ville ha spesiell merksemd på: «renligheds-tilstanden», som legane hadde kritisert. Dei hadde klaga over tankeløyse og vanstel. Det andre var at han skulle arbeide med eit skrift som amtsformannskapet hadde teke initiativ til eit prisskrift om «det kvindelige stel».

Eilert Sundt brukte deltakande observasjon som sin metode, og i bøkene sine har han med mange samtalar han skal ha hatt.

«Dette måtte jeg mindes, da jeg sidste gang besøgte Søndfjord og der f.ex. så, hvorledes kvinderne om lørdagen lagde sig på knæ og vaskede og skurede sit stuegulv, og hvorledes mændene, såsnart søndagshelgen var over, uden tanke om barmhjærtighed spyttede udover og gjorde stygt igjen.

Som overalt på Vestlandet bruge mændene i Søndfjord skråtobak, så de spytte meget, og den fremmede må formelig studse over de mange og store og stygge spytteklyser på gulvene. Om nu jeg gjorde lige så meget væsen af dette som hine af den hvidmalede udside på huset og af den brede søvei?

*Eilert Sundt (1817-1875) var teolog og sosiolog. Fotoet - Oslo Museum: bilde no. OB.03176 (Byhistorisk samling)*

«Du er da en vildmand, en barbar,» brød jeg ud imod en bonde i Søndfjord jeg ellers sad i hyggelig samtale med.

Han studsede.

«Et umenneske!»

Han så på mig.

«Var ikke din kone så tålmodig, så kanske hun forlangte skilsmisse.»

Nu satte både manden og konen sine øine på mig, og jeg - pegte på den sidste endnu rygende spytteflek lige ved mandens fod.

«Det vaske kvindfolkene op at,» sagde han i en tone sådan midt mellem spøg og ærgrelse, hvortil jeg igjen mente, at det slap jo kvindfolkene for at gjøre, dersom hans hovedskalle - her gav jeg til bedste hin forklaring om tydskeres og negeres hovedskaller o.s.v., og jeg fik videre anledning til at minde om

vildmanden, da bonden under den ivrige samtale spyttede fremdeles, af vanvare og vane. Der blev talt både i spøg og alvor. Det var jo en småting for manden at slå sig sammen en spyttebak af fjæler, og jeg drev på, at denne lille reform skulde indføres her i huset. Men nei, noget løfte derom måtte jeg ikke forlange, såsom jeg ikke kunde vente, at begyndelsen med den nye skik skulde blive gjort netop af dem.

Så prøvede jeg mig for hos en af egnens driftigste fremskridtsmænd, en særdeles flink bonde, som drev sildefisket og gårdsbruget med stor kraft, som var en af de første her, der skaffede sig Lister-båd, som havde bygget et nyt gildt våningshus og fjøs og i dette sidste indrettet fodergangen efter denne nye plan, ifølge hvilken kreaturene få at æde i fællesskab og så meget de ville - rigtig efter agronomiske principer. «Sig mig,» spurgte jeg ham og pegte på hans spytteflekker, «hvorledes vilde det vel gå dig, om du til alt det øvrige også skaffet dig en spyttebak?» Spørgsmålet kom brat på ham, og han svarede uvilkårlig: «Så vilde vel folk spørge, om det var meningen, de skulde gå på hoselæsterne også, når de kom indom i et erinde.» «Og jeg mener helst, de vilde spytte ved siden av spyttekassen, på formon,» føiede han til.

Altså frygt for at gjælde for storagtig, når man gik udenfor skikken, og frygt ikke alene hos kvinden, men også hos manden!

Sammenligna med dei andre områda Sundt studerte, kom Sunnfjord svært bra ut, i alle fall kvinnene.

## Geologen og antropologen

Ved inngangen til 1900-talet var det dukka opp nye måtar å klassifisere og forklare forskjellar mellom folk. No var det hodeforma som skulle gje svara. Det var snakk om to hovudtypar: dei kortskalla, der bredda på hovudet var meir enn 80% av lengda på kraniet. Hos dei langskalla var det under 75%. Mange ville havne i mellomgruppa. Dette var ein del av den fysiske antropologien, og som vi veit kom den kraftig i miskreditt etter krigen. Men i bøker publisert tidleg på 1900-talet finn vi mange og ganske spennande påstandar. Det vart gjort omfattande vitenskapelege studiar, og utallige menn og kvinner vart målte.

Amund Helland var geolog, men fekk laga mange bind om «Norges Land og Folk», og der var det hodeforma som vart nytta for å vise forskjellar i lynne og atferd.

Sunnfjord hadde antropologiske funn som var avvikande frå hovedregelen for skalleformer i fjordar og fjorddalar. Det normale var å finne at folket på øyane stort sett var kortskalla, men i dei ytre bygdene rundt munninga av Dalsfjorden (Askvold og Hyllestad) fann ein det same som ved munningen av Sognefjorden: berre 45% kortskallar. Men når ein kom lenger inn i Dalsfjorden, kom ein ikkje til lågare frekvens av kortskallar. Tvert i mot! Det blei stadig fleire av dei. I Fjaler og Gaular utgjorde kortskallane 60%.

*Ytredal bru i Vadheim, i passet der Amund Helland hevda at storparten av kortskallane i Ytre Sogn måte ha innvandra frå Sunnfjord.*

Ved Førdefjorden endra det seg . Her var kortskallene dominerande heilt frå kysten og inn til fjordbotnen, men med høgast forekomst ute ved kysten. I Kinn og Eikefjord var 83,6% og i Naustdal og Vevring heile 86,3%. Det vart sjølve kjerneomtådet for kortskallar i hele Sogn og Fjordane. I Førde gjekk andelen litt ned, til 77,1% - men i dalane som gjekk innover frå Førde var frekvensen like høg, i Jølster 78%.

Konklusjonen gav seg sjølv: «Søndfjordingen er efter dette en udpræget kortskallet befolkning. Denne kortskallethed er baade i procenttal som i indexforhold langt større end den, man finder i Sognefjorden, og befolkningen er saavel i fysisk henseende som i karakter og væsen saa grundforskjellig fra den kortskallede befolkning i Sogn.»

Mens kortskallane i Indre Sogn hadde ein god, men ikkje eigentleg slankbygd figur og var muskuløse, var sunnfjordingen meire «tykfalden og fed», sjølv om det var visse unntak! Men sunnfjordingen var meir blond, sjølv om det også i Sunnfjord fantes ein del som var mrøke i håret.

Tidlegare hadde man hevda at lynne og folketype skulle vere eit produkt av




*Kartet viser forekomst av lepra i Sør-Noreg i åra 1856 og 1890. Sjukdommen var konsentrert til nokre få område, og den høgaste førekomsten av sjukdommen i heile Verda var å finne i Naustdal og Vevring. Sjukdommen skuldast bakteriar, men må ha genetisk opning for å kunne slå ut. Dei store lokale forskjellane kan difor ha å gjere med genetikk.*

naturen og omgivnadane. Men det syntes Amund Helland virka lite rimeleg. Sogningane, fostra «mellom vårt lands høieste fjelde og boende indeklemt i vore dybeste og mørkeste dale, kunde man vente, at der var kommet noget tungt, trægt og melankolst over befolkningen, men ganske det modsatte er tilfældet.»

Sogningane var lyse til sinns og lette i tale og bevegelse. Han meinte det var noko «ustadigt» over han. Sogningen likte seg ikkje ved einsformig og almindeleg arbeide. Nei, han var ingen arbeidstræl, slik som sunndfjordingen. Slikt arbeid trøtta og kjeda sogningen raskt. Han var difor heller ein utpega eller interessert handverkar. Han eigna seg ikkje å vere tenar, for han hadde vanskar med å underkaste seg disiplin. Difor var arbeidsstokken og tenarane i Sogn for ein stor del henta i Sunnfjord. Sogningen var sterkare interessert i handel, spesielt hestehandel og fedrift. Å ligge på høgfjellet med kreatur var mange sogningars kjæraste «beskjæftigelse; han er her uovertræffelig og rigtig i sit es».

Amund Helland ville kalle den typen han hadde omtala på denne måten for den «eigentlege sogningen». Kom ein lenger ut i Sognefjorden ville ein på sørsida finne folk oppblanda med stril, og på nordsida blanda opp med sunn-

*Amund Helland, her teikna Othar Holmboe - frå Festskrift til Amund Helland paa hans 70 aars fødselsdag 11. oktober 1916,.*

fjordsk blod.

Men innover fjorden frå Vik, der ein fann langskallane «potenseres den sukcessivt», til ein kom inn til Sogndal og Hafslo, innanfor der vart det litt tynnare att.

Han hevda at dei mange kortskallane i Ytre Sogn måtte vere eit resultat av «udstraaling fra det søndfjordske kortskallede centrum og passet ved Vadeim har været en noksaa bekvem indvandringsvei. Ytresogningen er ogsaa legemlig og aandeligt langt tungere og har saaledes mere tilfælles med den nordlige nabo, søndfjordingen.»

Amund Helland hadde òg mykje vakkert å seie om nordfjordingane, som i langt høgare grad enn sunnfjordingane var lansgskallar. Den indre fjord- og dalbefolkninga i Nordfjord var ein vakker, slankbygd, muskuløs og kraftig rase, seig og uthaldande. Her fann ein dei beste soldatemna i landet, med den høgaste prosenten stridsdygtige rekruttar år etter år.

Helland viste til at det i delar av Jølster hadde vore sterk innflytting frå Nordfjord, men han det var dialketinnslag, ikkje innslag av vakre langskallar han fann der.

Han filosoferte over kvifor det kunne vere så store forskjellar mellom sogningar, sunnfjordingar og nordfjordingar, og sjølv om Sunnfjord og Nordfjord i eldre tid hadde vore delar av same fylket, «Firdafylke», og ein difor skulle ha venta å finne ganske einsarta befolkning, så var det langt i frå tilfellet. Han meinte det ikkje berre var i fysikk og skalleform, men også i «folkepsykologisk henseende» at det var store skilnader.

Rett nok hadde dei to fjorddistrikta ulike naturlege tilhøve, men likevel ikkje i så sterk grad at det i seg sjølv skulle kunne forklare dei merkelege motsetnadene. Han meinte det kanskje kunne vere meir likskap mellom Sogn og Nordfjord i fysiske tilhøve, enn mellom dei to og Sunnfjord.

Men ut over å slå fast at det var store og tydelege skilnader, kom han ikkje med god forklaring ut over at det var så store skilnader i hodeform.

## Genetikk

Dei siste par tiåra har det vore stor utvikling når det gjeld genetistke analysar. No meiner vi at vi kan finne genetiske spor av folkevandringane, frå vi alle saman hadde forfedre som kom ut frå Afrika for rundt 65000 år sidan, til vi kom inn i Europa for mellom 40 og 50000 år sidan, og fram til vår tid. Genetikken kan gje oss ein ny reiskap til å leite etter svaret på kven sunnfjordingen er.

Det er testing av mennene sitt Y-dna som skaffer mest informasjon. Det skal innrømmast at det framleis er få testresultat tilgjengelege frå Sunnfjord, men nesten halvparten av dei testane som vi har resultata frå, viser vest-europeisk/ keltisk opphav i Sunnfjord, nesten 40% kjem frå haplogruppe I, med vikinggenet, og berre 10% er R1a, «germanarar». Samanliknar vi med Sogn og Nordfjord, ser vi at det er store forskjellar. «Germanarane» dominerer i Nordfjord, medan det i Sogn er nesten 50% «vikingar». Dei tre delane av Sogn og Fjordane har faktisk ulikt opphav, der sunnfjordingen mykje meir enn dei andre har genene sine frå dei britiske øyar.

Samanliknar vi med det norske landssnittet, finn vi at det er I,, «vikinggenet» som er størst, med 40%, framfor R1a, det «germanske», med vel 30 ofg så det «keltiske», R1b, med rundt 25%. Resten er fordelt mellom mange små grupper.

## Sunnfjord 2017

Sogn og Fjordane kallar seg «trivselsfylket», og sjølv om det snart skal forsvinne, skil det seg framleis ut statistisk.

På mange variablar for helse og sosialstatistikk ligg Sogn og Fjordane på rundt 3/4 av landsgjennomsnittet, og heile tida i «trivselsenden» av skalaen.

Levealderen er rundt 1 år høgare enn landssnittet for både kvinner og menn. Færre fell frå i skulen, og skuleresultata er betre enn snittet i landet. Langt færre vert mobba i skulen i Sogn og Fjordane samanlikna med landssnittet. Det er færre einslege forsørgarar, og kriminaliteten er mykje lågare. Ungdommen i Sogn og Fjordane har brukt mindre alkohol enn annan ungdom i landet.

Så konklusjonen  må vere at sunnfjordingane har greidd seg ganske godt, sjølv om dei har vore oppfatta som både trauste, kortskalla og tungsindige!

# *A.J. (1927):*
# Lagssoga — Litevetta um formennene

Upphavsmannen til eit sunnfjordlag i Bergen, var Hendrik O. Kjelstad (frå øvre Kjelstad i Viksdalen). Han fekk med seg Lodvik A. Hov og nokre andre viksdøler. I alt var det 21 som skipa eit lag hausten 1917, i «Folkets Hus».

*Ludv. A. Hov*
*form. 1917*

*Jens A. Sele*
*form. 1917—19*

Sidan lagsmennene var mest berre or ei sokn, tykte dei ikkje det høvde å bruka namnet Sunnfjordlaget, endå det var i tanken å få det til med tidi. Dei kalla laget «Fjellsporven» (soleis som Hendrik O. Kjelstad rådde til.

**Ludvik A. Hof**

Timbremann, frå Hov i Eldalen i Viksdalen, vart fyrste formannen. Han er fødd i 1884. Han hadde vore med og skipa ungdomslag heime i Eldalen, og hadde vore skyttarlagsformann i 7 år.

«Fjellsporven» heldt møte utetter hausten, men kunngjorde det ikkje i bladi. Laget vart styrt på lag som eit ungdomslag på bygdi, utan leik og andre tilstellingar for moro. Dei hadde frå fyrste tid eit handskrive blad til å ordskiftast i. Det heitte «Vetterkvelden» (etter formannen si tilråding).

Etter kvart kom nokre dalsfjordingar med i dette viksdølelaget, og i eit møte fyre jol vart det vedteke å skifta lagsnamn og kalla det «Sunnfjordlaget».

Laget voks, mest av unge folk, og etter kvart vart det krav um å få dans eller liknande moro på møti. Formannen var imot det.

På årsmøte fyre jol 1917 då dei valde nytt styre, sette dei til formann

**Jens A. Sele**

Fødd 1888, møbelsnikkar, frå Sele i Bygstadsokni.

Han lagde mykje arbeid i lagsstyringi, men det kunne ikkje hindrast at der vart usemja. Etter det som hev hendt kunne ein tru at sunnfjordingar (liksom andre nordmenner) er snare til å verta so grundig usams um småting at dei ikkje kann få med seg til å samarbeida

um større ting som dei er samde um. Eit anna folkelyte er det at dei ikkje torer segja sine motmeiningar høgt som alle høyrer, men etter det opne ordskiftet murrar dei tvo og tvo det dei meiner.

Jens Sele vilde gjerne hava god song, og vart sidan formann i Songarlaget som vart skipa. Det heldt seg i nokre år, og var til hugnad på mange møte. Men det vart etter kvart soleis at mange songarar ikkje hadde sjølvtukt til å koma på øvingane til avtala tid. Dermed fekk songarlaget tæring, og sjølvdauda 7-8 aar gamalt.

Det skulde vore skrive ei minnessoga um andre serlag som hev arbeidt lenge og vel i Sunnfjordlaget:

**Saumarlaget**

Som hev laga so mange vakre ting, serleg til den store marknaden som Sunnfordlaget heldt. No ligg Samarlaget i dvale, um det ikkje er dauda.

**Spellaget**

Sine folk ofra svært mykje av si knappe fritid til å øva og føra fram små spelstykke. Av formenner der må nemnast Salmund Vasset, Peter Vik, Nydal og no Slettehaug.

**Leikarringen**

Der Kolbjørn Vårdal var ein hyggjeleg og drivande formann, til upplæring i folkeviseleik. Med same kann nemnast at laget hev stundom halde nokre øvingar i Sunnfjord-springar, med Hatlebrekke til lærar. No er Edbard Klungreset formann i Leikarringen.

**Mathias Mikkelsen**

Kaupmann i Gullskogarden på Bryggja, frå Hesla i Viksdalen, fødd 1890.

Han hadde mest umsut fyre at laget skulle få seg nokon pengemidel. Om med juletrefest, korgeleik, bazar, fekk dei nokre hundrad kronor på bankbok.

Det var ei tid då folk flest hadde pengar og gjerne vilde bruka pengar. Dei unge og glade i laget vilde gjerne riva gjæta av seg nokre timar dans ein hende gong, men oftare enn formannen vilde. Sumt anna vart det ogso ymse meiningar um i laget, For å få ei uppgreiding sette styre fram ei prisuppgåva «Hvad er Sunnfjordlagets mål?» og feklk mange slag svar. Han som fekk 1ste premie, rådde m.a. at laget måtte «hæve de av Søndfjordskikker som er gode og indskrænke eller utviske de av Søndfjords skikker som er dårlige».

Men det vart ikkje noko meir samhald i laget etter dei velmeinte svari. Dansekjæta fekk ikkje rom for seg. Eingong formannen var burte, våren 1919, heldt laget ein glad danseleik på Smebys Hotel. Sidan vart laget samankalla til møte i samlingshuset (bedehus) på Meyermarki, og etter sterke ord og trætta i timevis vart laget på ein måte sprengt. D.v.s. formannen vilde ikkje

lyda fleirtalet i dess syn på lagsstyringi, og gjekk i frå, saman med nokre av dei eldste i laget.

Fleirtalet konsolidera seg og fekk det no meir som dei vilde hava det, under styring av næstformannen, sementarbeidar Mathias Hornes, frå Honnes i Fyrde.

På næste årsmøte hausten 1919 valde dei ny formann

*Johannes Holmedal*
*form. 1919—21 og 1928—29*

*Erling Vindheim*
*form. 1921—23*

**Johannes Holmedal**

tollkontrollør, fødd 1895 i Holmedal. Han er den einaste ungkar (til dessar, oktober 1927) av alle formenn laget hev havt. Ein må spyrja um det hev gjort sitt til at han hev vore so vel omtykt (men ikkje berre av kvinnfolki i laget), so han hev lote segja frå seg formannsval gong etter gong. Han hev havt gjevnad å få lagsmennene til å trivast saman på møri, endå um det ikkje vart so mykje kjæte eller påkostnad. På møtet 7 desember 1919 vedtok laget nye lover og sette i § 1 at laget skal «samla folk frå Sunnfjord til samarbeid for norsk mål, sed og skikk.» Og sidan vart laget innmeldt i Vestlandske mållag. Hermed var det gjort ende på den målstrid som hadde vore attåt striden um lagsarbeidet elles.

På årsmøtet etter nyår 1921 valde dei til formann

**Erling Vindheim**

lærar, son til kyrkjesongar Vindheim i Holmedal.

Han for frå byen 1 oktober. Næstformannen

**Gjert Holstad**

Handelsmann, frå Askvoll styrde laget til årsmøtet etter nyår 1923 valde til formann

**Kolbein Melvær**

Frå Melvær i Askvoll, fylkesfullmekt, no lensmann i Fjaler.

Han hadde vore skodespelar i Det norske teatret ei tid, og det gjorde mykje at han kunne vera so god rettleidar for spellaget. Dei sette seg i stand med teaterbunad, og spelte mange stykke.

Melvær var ein tiltøk mann, med godt vit på pengestyring. Han leiddest av å beda um husvære for kvart møte for ei høg leiga. Dermed so fekk han laget med seg til å leiga ein møtesal i kjellaren i Musikakademiet i 2 år. Det var ei styggstor leiga, men laget tente innatt det og mykje meir med å leiga ut til andre lag. Frå haust til vår var der folk mest kvar einaste kveld.

Ein drusteleg marknad vart halden, med stor hjelp av alle serlagi, og der

kom mykje pengar inn. Fyremålet var å samle so mykje at laget kunne våga seg på å få seg eigande hus med tidi.

Holmedal vart attvald til formann nokre gongar når han ikkje sagde tvert nei.

På årsmøtet i januar 1925 valde dei til formann

*Kolbein Melvær*
*form. 1923—25*

*O. M. L. Selberg*
*form. 1925—27*

**O.M.L.Selberg**

Lektor, dr. phil.

Fyrr hadde det av og til vore ein talar på lagsmøti. No vart det fast sed å få ei meir eller mindre lærd utgreiding um eit emne, på kvart einaste møte. Sunnfjordlaget gjekk framum både Bondeungdomslaget og Ervingen og hine bygdelagi med å vera eit folkeakademi for lagsmennene. Men ordskifte vart der helder mindre av på møti; kann hende lagsmennene vart endå meir talemoda av di at dei fenge so lærd og sjølvstendig formann.

Noko til matabyte for lærdomen, og noko for å få pengar i lagskassa, vart det ogso halde dans og leik.

Dr. Selberg var trøytt av lagsstyringi då han hadde vore formann i 2 år, og på årsmøte etter nyår 1927 valde dei til ny formann

*Christian Skagen*
*form. 1927—28 og 1932—35*

*Nils Lerpold*
*form. 1929—32*

**Arkitekt Christian Skagen**

Frå Sanda i Gaular.

# «For den utvandra sunnfjordingen fell det naturleg å søkja heimatt i tankar og kjensler»

I 2017 skal det markerast at Sunnfjordlaget i Bergen er 100 år, og då er det naturleg å sjå attende på det som låg bak framveksten av laget, og korleis det fungerte dei første åra.

I tida rundt første verdskrig kom det i Noreg eit kraftig oppsving ikkje berre for nasjonale haldningar, men og for ei sterkare lokalpatriotisme. Det var spørsmål om identitet, og målsaka vart ein viktig del av dette. Landsungdommen som flytta til dei større byane i Noreg, ville ikkje lenger prøve å verte «assimilerte» så raskt og grundig som mogeleg. Dei ville no mykje meir enn før halde på sin kultur, sitt språk og sin eigenart.

I Bergen hadde sunnfjordingane alt i mange generasjonar vore særs tallrike, men det er vel heller tvilsamt om desse sunnfjordingane i Bergen hadde rekna seg som ei stor gruppe. Snarare hadde dei vore mange små, kan hende følte dei seg som jølstringar, eller kan hende til og med berre som stardølingar. Vi ser at flyttemønsteret må ha hatt ein føresetnad om at ein hadde nære slektningar å reise til. Dei framstår som familiegrupper. Vi ser det på valet av fadrar, og ser det på korleis dei busette seg, og på korleis dei fann seg arbeid.

På 1900-talet var det komme «på moten» mykje meir enn før å vise at dei var stolte av opphavet sitt. I Bergen hadde det lenge vore ein sport å skjelle ut innflyttarar som «strilar» eller som «sunnfjordingar», og mange hadde difor sett eit stort poeng i å «pynte på» målform og klesdrakt, slik at dei ikkje skulle «avsløre» seg.

I år 1900 vart bondeungdomslaget Ervingen skipa i Bergen, og det kom til endå eit Bondeungdomslag i Bergen i 1909. Nordlendingane i Bergen samla seg i «Den Nordlandske Forening» alt i 1912, og nordfjordingane skipa sitt lag i Bergen i 1914. Sogningane kom etter i 1918, og til sist vart laga Sunnhordlendingen og Nordhordlendingen skipa i 1919.

Stortinget opna i 1914 for etablering av «landsgymnas», der ein skulle kunne ta eksamen artium utan Middelskuleeksamen, og det første landsgymnaset kom på Voss i 1916. Firda Gymnas vart skipa 1922 på Sandane etter initiativ frå Firda Mållag, Firda Ungdomslag, Sunnfjord Ungdomslag og Gloppen kommune.

Det kom etter kvart ein straum av bøker som lenge litt negativt vart kategorisert som «heimstaddiktning». Men det var ikkje berre innan kulturen det kom impulsar om nye og meir folkelege tider. Anders Skåsheim

gjorde i 1912 framlegg om ein «vestnorsk folkebank», og resultatet vart «Landsbanken», som opna sine lokale i Bergen 15. august 1914. Den skulle vere ein sambandsbank for bygdene på Vestlandet, og den skulle nytte landsmål som skriftspråk. Mellom 1910 og 1920 gjorde fleirtalet av kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane vedtak om å nytte landsmål som administrasjonsspråk. I 1916 vart Peter Hognestad (1866-1931) tilsett som biskop i Bjørgvin, og med han vart landsmål administrasjonsspråket heilt til topps i Kyrkja i bispedømmet.

I desse åra kom det fleire nynorskspråklege aviser, i Bergen vart «Gula Tidend» den første i 1906. Lokalinteressa slo og ut i form av mange nye lokalhistoriske lag. Sunnfjord hadde fått sitt sogelag i 1910. Sogelaga slutta seg saman til Vestlandske historielags fællesforening i 1916, og kunne i 1920 stå sentralt i skipinga av det landsdekkande «Landslaget for bygde - og byhistorie». Nokre år etter vart det oppretta eit institutt for samanliknande kulturstudiar, som spesielt skulle sjå på element i bondekulturen.

Hausten 1917 sette 21 viksdølar kvarandre møte i Folkets Hus i Bergen. Dei ville skipe eit lag, men sidan alle kom frå ein liten del av Sunnfjord, syntest dei ikkje dei kunne kalle det «Sunnfjordlag», så namnet på laget vart først «Fjellsporven». Dei møttest fleire gongar utover hausten, men utan at dei sette inn kunngjering i avisene og slik inviterte andre med. Men etter nokre møte kom det til nokre frå Dalsfjorden, og på møtet like før jul i 1917 vart det vedteke namneskifte til «Sunnfjordlaget».

Vi kan vere litt overraska over at det hadde teke så lang tid. I Amerika hadde dei fått sitt Sunnfjordlag alt i 1912, og i Kristiania var laget skipa i 1916. Bergen hadde langt fleire sunnfjordingar enn Kristiania, og det budde truleg langt fleire sunnfjordingar konsentrert innanfor grensene til Bergen by, enn det som det fanst spreidde i heile Amerika. Ved folketeljinga i Bergen i 1912 budde 4953 sunnfjordingar i byen. Berre Midhordland (med 5748) og Nordhordland (med 6911) hadde større grupper der på det tidspunktet. I 1912 hadde Bergen i alt vel 78 000 ibuarar.

Av dei nesten 5000 sunnfjordingane i Bergen i 1912 kom 868 frå Indre Holmedal (Gaular), 800 frå Førde, 750 frå Ytre Holmedal (Fjaler), 599 frå Kinn, 421 frå Askvoll og 277 frå Jølster. Det skulle vere mange enn nok til å skipe eit Sunnfjordlag!

## Lagsarbeidet dei første åra

Den første hausten hadde Sunnfjordlaget gjeve ut eit handskrive blad som dei kalla «Vetterkvelden», og det var ordskifte som var hovudtema på lagsmøta. Og det ser ut til at dei hadde mykje å ordskifte, og ikkje minst å stride om. Dei var nok samde om dei store tinga, men det er fortalt at det var mykje usemje om småting dei første åra. Det førte til hyppige skifte av formann.

Ludvik A. Hof (1884-) vart vald til første formannen i laget, men alt på årsmøtet like før jul i 1917 vart han skifta ut med Jens A. Sele (1888-1935) frå Bygstad. Medlemmane i laget hadde ulike interesser. Det førte til at det i laget vart oppretta Songarlag, Saumarlag, Spellag og Leikarring. Striden om vegval toppa seg i 1919, då formannen Mathias Mikkelson (1890-) og fleire av skiparane trekte seg ut. Ny formann vart Johannes Holmedal (1895-).

Eit av stridsspørsmåla hadde vore målforma, og med det nye styret i 1919 kom det inn ein paragraf om at laget skulle arbeide for «norsk mål», og laget var meldt inn i Vestlandske mållag. Det gjorde slutt på eit av stridsspørsmåla i laget.

Lærar Erling Vindheim (1894-1975) vart vald til formann i 1921, men han reiste kort etter til Gulskogen ved Drammen. Den seinare Fjaler-lensmannen Kolbein A. Melvær (1890-1945) vart vald til formann i 1923. Han la opp til stor økonomisk aktivitet, der målsettinga var å skaffe pengar slik at laget kunne kjøpe eit eige hus.

I januar 1925 valde dei lektor dr. phil. Ole Michael Ludvigsen Selberg (1877-1950) til ny formann. Han hadde doktorgrad i matematikk, men hadde eit vidt interessefelt, og skreiv mykje om historiske emner. Han hadde vore overlærar og lektor ved Voss landsgymnas (1917-1920), og var seinare rektor ved Sydneshaugen skole i Bergen og Gjøvik kommunale høgare ålmennskule.

Då Sunnfjordlaget feira 10-årsjubileum i 1927 gav dei ut eit jubileumsskrift. Der trykte dei ulike artiklar om Sunnfjord, og om laget. Og dei oppsummerte dei første ti åra:

*«Der har vært møter med foredrag, oplæsning med skjemt og alvor, dans, leikarkveldar. Skuespillerne, dansarringen har git sine præstationer tilbedste under strek og fortjent bifald. Præstationer som viser, at der har været nedlagt et energisk og forstaaelsesfuldt arbeide baade fra de enkeltes som fra ledernes side.*

*Der har ogsaa været møter med andre foreninger. Mindre utflukter, og der har været lyttet til den haandskrevne avis's gyldne sandheter.*

*Alt dette er frukter av foreningens indre liv. Under samme betegnelse maa ogsaa oprettelsen av et «Saumarlag» henregnes. For dette blev der opstillet en vandrepokal av hr N. Lerpold; en pokal der maatte vindes 3 gange for at bli odel og eie. Men det ser ud til, at «Saumarlaget» er sovnet over sømmen, ti virksomheten er indstillet uten at pokalen er vundet.»*

Songarlaget hadde også tagna: «Det heldt seg i nokre år, og var til hugnad på mange møte. Men det vart etter kvart soleis at mange songarar ikkje hadde sjølvtukt til å koma på øvingane til avtala tid. Dermed fekk songarlaget tæring, og sjølvdauda 7-8 aar gamalt."

Nils Lerpold (1876-1932) var formann 1929-1931.

# Formenn i Sunnfjordlaget i Bergen –1992

Andreas L. Nydal (1894-1951) var formann 1935-1936.

Alf Gjertsen Sundal (1908-1982) var formann 1936-1946 og 1956-1957.

Gjennom krigsåra låg drifta av laget nede.

Jacob Søgnen (1918-2000) var formann 1947-1948 og på ny 1957-1958.

Ingolf Roska (1911-2007) var formann 1949-1950.

Anton Pedersen Wathne (1913-1977) var formann 1951-1953.

Magnus Festervoll (1914-2002) var formann 1953-1955 og på ny 1958-1960.

Arne Odd Løken var formann 1955-1956.

Ola Dalebø (1935-) var formann 1960-1963.

Gunnar Vågen var formann 1963-1964.

Leidulf Yndestad var formann 1964-1965.

Sverre Wie var formann 1965-1967.

Jon Gåsemyr var formann 1967-1969.

*Andreas Nydal*
*form. 1935—36*

*Alf G. Sundal*
*form. 1936—46 og 1956—57*

*Jacob Søgnen*
*form. 1947—49 og 1957—58*

*Ingolf Roska*
*form. 1949—50*

*Anton Wathne*
*form. 1951—53*



*Magnus Festervoll*
*form. 1953—55 og 1958—60*

Oddbjørn Tefre var formann 1969-1970.

Jan Myklebust var formann 1970-1973.

Trygve Sægrov var formann 1973-1974.

Gunnar Ellingsund var formann 1974-1975.

Solveig Sølvberg var formann 1975-1976.

Jorunn Nedrebø var formann 1976-1978.

Kristian Aa var formann 1978-1979.

Jan Olav Grotle var formann 1979-1980.

Ingun Eikeset var formann 1980-1982.

Asbjørn Svardal var formann 1982-1985.

Magne Skjelvik var formann 1985-1986.

Terje Espeseth var formann 1986-1992.

Steinar Nødset var formann 1989-1992.

*Arne Odd Løken*
*form. 1955—56*

*Ola Dalebø*
*form. 1960—61 og 1962—63*

*Gunnar Vågen*
*form. 1961—62 og 1963—64*

*Sverre Wie*
*form. 1965—67*

*Jon Gåsemyr*
*form. 1967—*

*Oddbjørn Tefre*

*Jan Myklebust*

*Trygve Sægrov*

*Gunnar Ellingsund*

*Solveig Sølvberg*

*Jorunn Nedrebø*

*Kristian Aa*

*Jan Olav Grotle*

*Ingunn Eikeset*

*Asbjørn Svardal*

*Magne Skjelvik*

*Terje Espeseth*

*Steinar Nødset*

# Leiarar for «nye» Sunnfjordlaget 1998-2017

Per G. Godø var leiar for Sunnfjordlaget frå det vart gjenoppretta i 1998 og til forbi 2008. Deretter var Marianm Solheim Øien leiar, og sidan 2014 har Per Johan Askevold vore leier 2014.





*T.v. Styret i 2017, Per Johan Askevold, leiar, Sigrunn Gjerland, Geir Berentsen, Morten Sandøy, Ida Berentsen, Per R. Hestebeit, Mariann Solheim Øien.*

## *Jon Gåsemyr:*
# Eit minne om Sunnfjordlaget for 50 år sidan

Her om dagen fekk eg ein telefon frå Rådet i Sunnfjordlaget i Bergen, frå Ola Dalebø, ein mann eg blei kjend med i Bergen for 50-åra sidan. Han hugsa at eg var formann i Sunnfjordlaget under 50- årsjubileet i 1967. Om eg kunne skrive noko om aktiviteten i laget på den tida.

Kven hugsar særleg mykje og korrekt så langt attende i tid. Fins det lagsprotokoll og arkiv frå den tid, spurde eg. Det kunne vere godt å finne styremøteprotokoll og årsmelding, noko ein kunne friske opp minnet med.

Det var ikkje tilgjengeleg.

Det som vert ført i penn her er altså kunn etter minnet, og det er ikkje lenger slik det var. Ein hugsar noko, gløymer mykje, og det må lesast slik det er - eit minne.

Eg kom til Bergen hausten 1965 for å byrje på lærarskulen. Det var mykje nytt ein måtte finne ut av og gjere seg kjend med. Ein blei etter kvart kjend med at det var mange bygdeungdoms-

*50-årsjubileumet. Formannen Jon Gåsemyr og sekretæren Aud Bolstad.*

lag i Bergen blant anna Sunnfjordlaget, Nordfjordlaget og Sogningen. Eg fann vegen til Sunnfjordlaget og vart i 1966 overtala til å vere med på årsmøtet. Det fekk konsekvensar for meg. Laget var ikkje lenger så aktivt som det hadde vore. Bygdeungdomen fann ikkje vegen til laget lenger, vart det sagt. No ville dei prøve ein ny strategi - å få inn nye studentar i styret i håp om at det kunne få fleire slike i laget og der med større aktivitet. To studentar let seg overtale til å gå inn i styret. Utan om meg let også Oddbjørn Tefre frå Førde seg overtale. Han hadde nett byrja på odontologistudie i Bergen.

Nytt styre frå 1966 - 1968 blei:

Jon Gåsemyr, formann

Oddbjørn Tefre, nestformann

Aud Bolset/Steinset, sekretær

Halfdan Sæle, kasserar

Kjell Selstad, styremedlem

Det blei teke bilete av det nye styret. Det vart ramma inn og hengt på veggen på hytta på Stamsneset ved Grimstadfjorden. Vonleg heng bilete av den unge og staute gjengen på veggen der enno. Etter meg tok Oddbjørn Tefre over som formann i 1968.

Kva aktivitet skulle vi så ha i laget. Under Ola Dalebø, nokre år tidlegare, hadde dei hatt lagsmøte i Gimle annankvar tysdag. Det vart ikkje vidareført. Vi held fram med dans i Gimle tysdagskveldane. Det gav inntekt ei stund, men vart mindre og mindre lønsamt. Bygdeungdomslaga byttest på å arrangere dans i Gimle på laurdagane.

*Ola Dalebø på talarstolen.*

Det gav ei god inntekt til laget og var kjærkome til drifta. Ein måtte då skaffe musikk, ordensvakter og annonsere dansen.

Nokre arrangement var tradisjon i laget. Dei ville vi halde fram med. Det var tilstelling på 17. mai, rebusløp i byen og haustfest på hytta. Første tilstellinga etter jul var ein juletrefest. Eg hugsar ein slik fest av di nemnda hadde fått Dagfinn Hjellbrekke som talar. Han gjorde eit sterkt inntrykk på meg med godt innhald og utruleg god språkbruk. Rollaug Øygard song.

På 17. mai stilte bygdeungdomslaga i prosesjonen gjennom bygatene og kvart lag prøvde å stille med medlemmer i bunad bak fana. Eg skulle bere fana til Sunnfjordlaget - Astrup hadde måla ho. Det var berre ein hemsko, eg hadde ingen bunad. Då fekk eg vite at både Sunnfjordlaget og Nordfjordlaget hadde hengjande ein mannsbunad i

*Ludvig Botnen (1910-1987), redaktør og politikar. Stortingsmann (Venstre) 1961-1969. Hovustalar på jubileumsfetsten i 1967.*

Gimle. Sunnfjordbunaden var for liten, men Nordfjordbunaden passa. Den stilte eg i. Damene på kvar side av meg, Aud Bolset og Aslaug Myrmel, hadde fine og korrekte bunader. Det retta opp inntrykket av kva lag vi kom frå. Bak gjekk det fleire meter med bunadskledde medlemmer frå Sunnfjord så vi var godt representerte. Ein staseleg gjeng mellom mange andre bunadskledde i flaggborga.

Seinare på ettermiddagen var det samling på hytta i Morvika. Ein komité hadde pynta hytta, heist flagget og sytt for kaffi og kaker. Det var og litt program; ein prolog, ei tale og song. Det viktigaste var å treffe kjenningar og prate. Eg trur 1966 var siste gongen at laget feira 17. mai i Morvika.

Eit fast innslag i lagsaktiviteten var eit rebusløp gjennom Bergen. Det blei laga ein rebus som måtte løysast for å finne postane. Kvar bil stilte som eitt lag. Her gjaldt det å med nokon som var godt kjend i byen. Det var oppsett idealtid for løpet, så ein trong ikkje haste i veg. Målet for løpet var hytta. Vi avslutta med fest her.

Haustfestane på hytta var populære. Det kom alltid mykje folk på desse tilstellingane. Her måtte ein melde seg på på førehand slik at ein kunne berekne kor mykje mat som måtte til. Etter bordsetet vart festen så avslutta med dans.

Eit år hadde vi og ei teatergruppe i gang. Dei hadde øving i Gimle og hadde sjølvaste Anne Gullestad som instruktør. Det var framføring på våren, men gruppa enda med det.

Så var det jubileumsåret 1967. Laget var femti år og det skulle markerast på beste vis - i storsalen på hotell Norge. Flott servering og framifrå program.

*Sogn og Fjordane leikarringen, festen på Hotell Norge i 1967.*

Eg trur det var ca. 120 medlemmer påmelde. Av program nemner eg:

Prolog ved Alfhild Langeland, attendeblikk ved Steinar Melvær. Tidlegare redaktør i Firda Folkeblad og då stortingsrepresentant for venstre, Ludvig Olai Botnen, var hovudtalar. FirdaSygnakoret song. Sogn og fjordane ringen opptredde med folkedans. Og ikkje minst den populære Salhuskvintetten fekk stemninga i taket med sin friske strilestil. Ja, og så alle helsingane.

Under festen sat sekretæren vår, Aud Bolset, mellom meg og hovudtalaren Ludvig Botnen. Ho var hans bordame og hadde til oppgåve å konversere med han. Kva skulle ein så snakke om? Det måtte vere aktuelt frå Sogn og Fjordane. Ei aktuell sak då var sjukehussaka. Aud uttrykte glede over at ein hadde gjort vedtak om å byggje sentralsjukehus i Førde. Botnen vart stiv i maska og svara ikkje. Aud skjønte at dei hadde svært ulikt synspunkt i saka og var rask med å skifte emne. Det var eit svært godt og vellukka arrangement.

Ei anna hending som gav oss mykje arbeid dette året, var kva vi skulle gjere med eigedomen på 30 mål med hus og naust i Morvika. Bergen og omland boligbyggelag tok kontakt og sa dei hadde planlagt utbygging i Morvik. Om vi ikkje ville selje frivilleg, ville dei ekspropriere området. Det blei innkalla til lagsmøte i saka. Ekspropriasjon tok tid, ved frivilleg sal gjekk det fort. Kanskje kunne vi oppnå betre pris ved det. Det vart sett ned

*Polonaisen ved innleiinga til dansen, jubileumsfesten i 1967.*

eiga nemnd til å ta seg av dette. Fem sentrale medlemmer i laget vart peika ut til oppgåva: Steinar Melvær, Ola Dalebø, Karl Grepstad, Aslaug Myrmel og Magnus Festervoll. Ola Dalebø jobba som byggjeleiar i det store entreprenørfirmaet Arne Sande AS, Karl Grepstad dreiv og i byggebransjen. Vi hadde god fagkunnskap i nemnda. Ein ynskte framleis å ha hytte i laget. Nemnda skulle og finne ny hytte eller tomt der ein kunne byggje – helst ikkje for langt frå byen. Eg var av og fekk tak i advokat til å ta seg av det formelle i saka. Han var røynd med slike saker og gav gode råd. Hytta vart seld frivilleg og til god pris. Vi fekk i underkant av 300.000 kr. Pengane var plassert i verdipapir som gav svært god avkastning.

Nemnda skulle så finne fram til ny hytte. Vi var ein tur til Sotra og såg på nokre bergknausar, dei fall ikkje i heilt god smak. Nemnda var og til Lysefjorden og såg på eit område der. Men så dukka det opp eit nytt og interessant alternativ. Det hadde seg slik at Bergen mekaniske verkstad skulle byggje seg ny motorfabrikk. Dei hadde kjøpt opp to aktuelle området til dette formålet. Kløver-Sundt feriehytte ved Grimstadfjorden og eit området på Hordvikneset. Dei enda opp med å gå for Hordvikneset og ønskte å selje hytta på Stamsneset i Fana. Dette var ei stor tomt på 8 mål med stor hytte, naust og robåt. Få hadde interesse av ein så stor og dyr eigedom. Det vart lagt inn bod godt under takst og vi fekk tilslaget. Vi hadde pengane. Hytta blei kjøpt for ca 170.000 kr. – eit rø-

*Salhuskvintetten var ein viktig del av underhaldinga på jubileumsfesten i 1967.*

varkjøp. Laget sette av eit fond på restbeløpet der avkastninga skulle nyttast til vedlikehald av eigedommen. Vi fekk svært god rente på fondet så eg vil tru det har vakse monaleg.

Litt oppussing måtte til. Det vart gjort på dugnad. Medlemmer måla utvendig. Innvendig fekk vi faghjelp. Nikolai Roska som var målarmeister i Bergen, kom og tilbaud seg å pusse opp stovene. Han ville gjere det ei helg. Eg var med ut for å låse opp og kanskje gje han ei hjelpande hand. Eg var frampå om han ville ha hjelp. Eg er van med å jobbe åleine, eg trur det går best, sa han. Han hadde rett. Aldri har eg nokon gong sett ein mann jobbe så fort og presist som Nikolai Roska. Alt gjekk i ei handvending. Eg fann meg fort anna arbeid så eg ikkje var i vegen.

Hytta var klar til bruk og mange ville sjå ho. Det var difor ekstra mange på hytta 17. mai 68. Ola Dalebø skulle leie tilstellinga. Han hadde fått Ludvig Jerdal til talar, ein aktiv mann på mange område - målmann og journalist først i Gula Tidend og så i Dagen. Han hadde klåre og sterke meiningar som han kom med i talen. Ei triveleg samkome på hytta.

Hytta vart populær. Mange kom og ville vere på hytta. Trygve Sægrov fekk til oppgåve å organisere vakter på hytta i helgane. To medlemer gjorde ein ekstra stor innsats, Ragnhild og Sverre Kvammen. Elles tok mang sine vakter her. Dagfinn Kvål frå Førde dreiv som handelsmann i området til Gamle Bergen. På laurdagen avslutta

*FirdaSygnakoret på jubileumsfesten i 1967.*

han med ein runde med vare til sine gamle kundar og leverte varene på døra. Så tok han med matvarer til hytta så det blei både kvelds og frukost for dei som overnatta. Han overnatta og ofte der.

Torodd Fagerheim, ein lærarstudent frå Fjaler, var ein habil trekkspelar. Han likte seg godt på hytta og spelte ofte til dans der.

Dette var nokre minne om tida for 50 år sidan. Vil avslutte med å ønskje laget til lukke med drifta vidare og vonar hytta framleis vert mykje nytta.

Alt etter minnet, med hjelp av Aud, Hallvard og Trygve.

Jon Gåsemyr

PS. Den gamle hytta i Morvik brann ned. Nytt bygg vart reist på tomta. Det er no barnehage for området og heiter Sunnfjordheimen.

(Alle bileta her er det Jon Gåsemyr som har skaffa.)

## *Einar Offerdahl:*

# Litt om sunnfjordingen før og no

Om ein ser etter særtrekk ved sunnfjordingane slik dei er no for tida, nyttar det ikkje at ein har gode auge. Dei er i dag likså moderne, urbane og bereiste som om dei hadde vore bergensarar.

- Nei, særpreg hos sunnfjordingar høyrer ei anna tid til.

Det einaste litt pussige eg i førstninga opplevde då eg som bergensar busette meg i Naustdal for over 40 år sidan, var at når eg skulle på krambua og handle, kunne eldre folk, som høyrde heime øvst i bygda, få «saudestiren»: dei såg storøygde på meg og spurde: «Kar e den karen frå? Ka heite du?» Første gongen kjende eg meg litt brydd, men eg skjøna jo fort at dei ikkje meinte å vere uvennlege. Likevel: at godt vaksne menneske tedde seg som nysgjerrige barn som ikkje hadde lært å opptre med konduite, det undra meg.

Naustedølingar er - liksom sine stammefrendar i andre kommunar i landsluten - med få unntak greie å ha med å gjere. Dei er lette å komme i prat med og opnar seg gjerne når dei forstår at den dei talar med er av rette slaget. Då det for nokre år sidan blei oppretta Frivilligsentral i Naustdal, med det føremålet å gje hjelp til alders- og helsesvekka sambygdingar, melde fleire av pensjonistane seg til teneste – noko som viser at hjertelag og ansvarskjensle er levande også i dag, slik som då den gamle grendaånda rådde. Det er lenge sidan bygdefolket var sunnfjordingar «kver ei tåg». Med tida har nordmenn frå mest alle kantar av landet gifta seg inn og blitt rotfaste i ulike sunnfjordbygder, og utlendingar - ikkje minst flykningar - tykkjest å ha funne seg vel til rette når dei først er integrerte.

På Selja forlag i Førde er det komen ut fleire forvitnelege bøker om Sunnfjord og sunnfjordingar. Ei slik bok er «Sunnfjordingen. Tekstar av og om Nikka Vonen og Ole W. Fasting». I forteljingar og intervju skildrar boka sunnfjordingen på ulike plan og under skiftande synsvinklar: Sunnfjordingen som embetsmann, bonde og husmann. Boka tek føre seg talemålet, dagleglivet og levekåra deira. Sunnfjordingen er somtid teikna som ein låtteleg figur, men òg som ein som kan verte råka av ein hard livsskjebne. Vi høyrer om lukkelege og ulukkelege giftarmål og om det sørgjelege resultatet av tvangsekteskap, om bryllaup og om festleg samkome i dansarstova. Då som no var sunnfjordingen religiøs med ei tolsam innstilling til tilvêret. Salmebøker vart flittig nytta til trøyst og oppbygging, og viser song dei til kveik og tidtrøyte i arbeidet ute og inne. Det sunnfjordske talemålet får kome til sin fulle rett i boka, og gjer sitt til at «portretta» av einskildpersonar blir så

*«Ete fyst», sa sunnfjordingen. Her representert av Oddvar Torsheim.*

livsnære at vi opplever dei som våre samtidige. - Her er ein liten smakebete av det humoristiske slaget hos Nikka Vonen:

**Mannjen so sku frie**

«I min oppvekstre hòrde eg gjete ein mannj so hadde tenkt seg yve fjellje te Nordjord å frie te ei mandige jente. Å ja, mannjen kom te gards å vart be'en inn. Om kvelden då dei sette seg te bords, tenkte han me seg sjølv: «Ja, no ska' eg no fysst sjå kor mykje ho ete fyr eg seie nòke te'nje!» So tok han te telje kor månge skjeie supe ho åt, men då han kom te femtan, vart han radt åskremde å seie me seg sjøl: «Nei mannj, ditta stende du deg ikkje på te fø – ein sleke storetar! Da e jammen best du he deg heimatte!»

Korleis det har seg at tregleik og stor mathug - kanskje alt frå gammalt av - er blitt rekna som typisk for sunnfjordingen, finst det berre vage teoriar om. Truleg er det med dette som med molbuhistoriene: Berre tull og godmodig harselas.

Sogegranskaren og bladmannen Albert Joleik frå Sunnfjord var av dei som protesterte mot at sunnfjordingane skulle vere så seine og tråe: «Dei so seie slikt, dei kan ikkje ha sett dei når dei kasta sild elle sånka skjeresmale».

Overlærar på den tekniske skole i Bergen, sunnfjordingen og forfattaren Ole W. Fasting, har for skjemt gjort bruk av det tradisjonelle biletet av sunnfjordingen i forteljingar frå Sunnfjord, til dømes i «**Mads»,** der han også trekkjer fram ein annan særhått som han seier sunnfjordingar jamt over har, nemleg å

verte sure:
«Han var sunnfjording, snill og lettbeden, men tung i bakenden og søndagssur. Kyrkjealvoret hos sunnfjordingen slår som regel ut i surleik. Mads var søndagssur støtt, han. Han såg surt på alle ting. Hadde han til dømes pussa eit par støvlar så dei verkeleg skein, så surna han straks til: «Dei verte snart so øye skjitne atte.» Berre ein einaste gong har eg sett det sure åsynet hans klårne opp ei ørlita stund, og det var då vi møtte to likfølgje på éin gong på vegen til Førde. Den sure sjela hans Mads reagerte søtt på denne sure framsyning av livsens lagnad. Hugen hans lysna.»

*Fasting tok ofte turen til Sunnfjord for å jakte eller fiske med stong. Dét var også ein populær sport for velhavande engelskmenn. Ein slik kar forsøkte seg som «etnograf» ein gong han var i Sunnfjord og fiska:*

*«Mine søndfjordske hjelpesmend var i sannhet merkelige. De hadde en særegenhed som var noget spesiell – de spiste stadig. Jeg tror at det ikke kan være nogen plass paa jorden som det spises saa meget som i Søndfjord. Mine hjelpesmend gjorde seg matpauser på de underligste tider og steder. Man spiste før man tok i ferd med den bratte bakke, for at ha noget at gaa på, og man spiste etter at man var kommet opp. Men de er usigelig taalmodige, og hvis man ikke faar fisk, ja, saa er det ikke mer end søndfjordingen har ventet og trodd hele tiden. De er i sannhed ikke preget av nogen optimisme. Søndfjordingen er sen og treg - i sitt ytre vesen. Men han er likevel ikke dorsk. Det er som man under denne seighed og treghed aner at der er en spent streng.»*

Sunnfjordske kvinner var etterspurde i Bergen som «våt- og tørrammer», og som tenestejenter, fordi dei hadde ord på seg for å vere pålitelege og arbeidsame. Likevel kan det sjå ut til at folk i Bergen ofte rekna fjordingar og sogningar for variantar av dei foraktelege strilane[1]. I denne skósa er ein sunnfjording ille ute:

«Ein mann hadde gått seg utfor kaia på Bryggen i Bergen. Han ropte om hjelp, og nokre på land høyrde heldigvis ropinga. Det slumpa til at ein kar låg med båten sin ikkje langt ifrå, og no ropte dei til han at han måtte skunde seg å redde mannen som heldt på å drukne. Han rodde borttil, greip fatt i stakkaren og heldt han oppe. Så ropte han:
- Ka ska eg *no* gjorre me'an?
- Sporr kor han e ifra?

- Han seier han e sunnfjording.

- Okk, e han dét, traven!

Ja, då kan du bare slepp'an!»

---

[1] Stril: (utnemne på) person som høyrer til kystfolket kring Bergen.

* * *

## *Ola Dalebø:*
# 75 års-jubileet og 90 års-jubileet

**75-årsdagen** for Sunnfjordlaget vart feira i Fortunen selskapslokale den 24. oktober 1992. Festlyden vart helsa velkommen av Sunnfjordlagets eigen kjømeister Asbjørn Svardal. Alfhild Zakkariasen las sin eigen velskrevne prolog.

Bokhandlar Karen Melvær heldt kveldens festtale.

Sunnfjordlagets hederspris Tønneordenen vart utdelt til Aslaug Myrmel for hennar mangeårige innsats i Bygdenemnda og kyrkjenemnda, og Steinar Nødset for hans innsats som formann i mange år.

**90-årsjubileet** vart feira på Sunnfjordheimen 29. september 2007.

Asbjørn Svardal var kveldens kjømeister og han ynskte velkommen og las prologen som var skriven av Alfhild Zakkariasen til 75-årsjubileet.

Kveldens festtalar var Yngve Nedrebø, som kåserte om Sunnfjordlaga i Bergen, Oslo og Amerika.

Tønneordenen vart utdelt til:

Oddvar Eiken

Ingun Eikeseth

Per Godøy

Rune Førland

Det var Hardingfelemusikk og trompetsolo av to unge, framtidige medlemmer, og det var dans til levande musikk. Festen med god stemning varde til eit par timar etter midnatt.

# Originalt tresnitt «Soleienatt» av Nikolai Astrup

Sunnfjordlaget i Bergen eig eit håndkolorert tresnitt «Soleienatt» (46cm x 37cm) av Nikolai Astrup.

Det vart innkjøpt til Sunnfjordlaget i Bergen kring 1927 for to hundre kroner.

Tidlegare hang tresnittet på Sunnfjordheimen. I dag har det stor verdi og er deponert på Astruptunet i Jølster, der det inngår i den faste samlinga ved museet.

Bildet er i dag ein del av Sunnfjordlaget i Bergen sin bundne og urørleg grunnkapital.

På Sunnfjordheimen heng det ein fotokopi av bildet.

## *Per Johan Askevold:*
# «Nye» Sunnfjordlaget

Litt tilfeldig oppdaga eg Sunnfjordhytta, truleg sommaren 1996, men utan at det var råd å finne ut meir om Sunnfjordlaget. Hytta låg der, men sett vekk frå eit skilt ved vegen med pil til «Sunnfjordlagets hytte» var det lite og inkje som kunne fortelje meir om kva dette var. Etter noko «graving» i ledige stunder, fann eg fram til eit namn: Nokon meinte å vite at Per Hestebeit hadde noko med laget å gjere, så eg leita han opp i telefonkatalogen og ringte til han. Hestebeit var glad for interessa, men kunne fortelje at det var lite aktivitet i laget, og at det i praksis hadde lege nede dei siste åra. Vi avtalte å treffest på hytta, og eg meiner det var hausten 1996.

Til møtet kom også Vigleik Solheim saman med «nokre ungdomar». Det var Willem Tvedt frå Førde, som var arbeidskollega med Solheim, kjærasten (seinare kona) hans, Kari Eldal, og Norunn Bell, som begge er frå Viksdalen. Vi vart samde om å prøve å få til ny giv i laget gjennom kontaktnettet vårt.

No er det ikkje berre i Sunnfjordlaget at Sunnfjordingar har søkt saman. Bergen er nok full av meir eller mindre faste og lausare kontaktnett og samlingspunkt for Sunnfjordingar i alle aldrar. Mellom desse var på den tida «Wesselstuen», der ein gjeng sunnfjordingar hadde fast samlingspunkt kvar laurdag formiddag/ettermiddag. Det var ikkje noko fast gruppe, men eit lauseleg samansett kontaktnett av kjenningar og deira kjenningar som igjen hadde sine kontaktnett gjennom ymse aktivitetar. Ved nokre høve vart det arrangert større festlege samkomer, mellom anna hadde nokre eldsjeler arrangert ein større «Sunnfjordfest» i klubbhuset til Sandviken idrettslag på Stemmemyren nokre år tidlegare.

Ein gjeng med utspring i Førde og omegn samlast også kvart år til «Sunnfjordjulebordet», med kjenningar både frå Gaular, Naustdal og Florø. Det var her eg hadde mykje av mitt kontaktnett i Bergen, og det var her eg tok opp tanke om å få nytt liv i Sunnfjordlaget (konkret meiner eg å hugse at det var på Sunnfjordjulebordet 1996 (ev. 1997). Mange av desse vart engasjert i å ta oppatt aktiviteten i Sunnfjordlaget, og dei spreidde det også vidare i sine kontaktnett.

10. mars 1999 hadde vi gjennom desse kontaktnetta samla mange til årsmøte, og med det kom det ny giv i lagsarbeidet.

Første tida var det stor rekruttering, og laget hadde ved utgangen av 1999 101 betalande medlemmar, 66 av desse var nyinnmelde. Hytta var ikkje lenger tidsmessig, og med etterslep på vedlikehaldsarbeidet var det stor trong for vedlikehald og generell opprusting,

*Sunnfjordheimen sett frå vest*

men utan at laget hadde nok frie midlar til det. Samstundes hadde laget bunden kapital i form av eit fond med «urørlege midlar» på kr. 100 000,-.

Laget eig også eit handkolorert tresnitt av Nikolai Astrup, som er deponert på Astrup-tunet i Jølster. Saman med eigedomen på Stamsneset, utgjorde fondet og biletet laget sin vesentlege kapital. Skulle vi klare naudsynt vedlikehald og opprusting av eigedomen, og med det sikre grunnlag for vidare aktivitet og drift i laget, måte vi få tilført «friske» midlar for å dekke kostnadane. Det var ikkje realistisk at vi ville klare å auke inntektsgrunnlaget laget hadde gjennom utleige, medlemspengar og anna, tilstrekkeleg til at vi kunne realisere dette. Det stod klart for oss at Sunnfjordhytta, og aktivitetar rundt denne, var kjernen i laget sin eksistens. Laget gjekk derfor inn for å endre vedtektene slik at vi fekk frigjort den «bundne kapitalen» som låg i fondet, samstundes som eigedomen og Astrup-biletet vart gjort om til laget sin bundne kapital til erstatning for «Fondet». På ekstraordinært årsmøtet 13. mai 2000 vedtok laget reviderte lover som tok høgde for endringar som var i tida og tilhøva.

Rune Førland utarbeidde også søknad om gåve til Vestenfjelske Bykreditts Stiftelse, som i 2002 resulterte i ei pengegåve på kr. 75.000,- i tillegg til lån og gåve frå eit medlem og nokre mindre pengegåver frå ulike allmennnyttige fond.

Med frigjorte midlar, støtte frå einskildmedlemmar i form av gunstige lån og tilskot, pengegåva og omfattande dugnadsinnsats frå medlemmar, skaut arbeidet fart, og det vart det gjort om-

*Utsikta frå terrassen på Sunnfjordheimen mot Grimstadfjorden*

fattande vedlikehalds- og opprustings-arbeid på Sunnfjordhytta i åra 2000-2006.

Arbeid på hytta som vart gjort (arkitekt Gro Haveland var med i styret og var konsulent på farge- og materialval):

- Hytta vart måla utvendig.
- Skog rydda og uteareala stelt.
- Bad/toaletta vart opprusta med fliser på golva og våtromsmembran og ny maling på veggane, og det vart lagt opp nytt røyropplegg.
- Gangen vart opprusta med oppussing av alle ytre flater, og skiferfliser på golvet.
- Lagt nytt laminatgolv og veggar og tak vart renovert og malt i så godt som heile hytta (delfinansiert med gunstig lån frå eit sentralt og trufast medlem)
- Det vart lagt nye himlingsplater på kjøkenet. (Motyting for leige frå Ola Dalebø).
- Elektrisk anlegg vart gått over og utbetra/skifta, og det var montert felles brannvarslingsanlegg for heile hytta (Vigleik Solvang med noko hjelp frå Willem Tvedt?).
- Veg og trapp ned til sjøen/naustet vart rusta opp og det vart montert nytt sikrings-rekkverk på trappa (Gåva frå eit sentralt og trufast medlem)
- Naustet vart rusta opp med ny måling og takplater, og det vart laga nye dører etter (storm eller innbrot – kva tid)
- Ute-arealet vart rydda for kratt og tre.

Vi var også i kontakt med både Firda og BT for å få blest om laget, og fekk til ei bra reportasje i [eit laurdagsnummer i Firda? – omhandla i årsmeldinga eller av Per Godø]

Mange har utmerka seg og fått merksemd for det. Rune Førland, Per Godø, Oddvar Eiken og Ingun Eikeseth – alle heidra med tønneordenen.

Eg ynskjer også å trekke fram – og det er det også fleire andre medlemmar som har halde fram - Per Hestebeit og hans innsats for å halde laget oppe mens det låg nede. Han har heile tida vore aktiv i lagsarbeidet, og har vore engasjert i det som skjer. Han har vore kasserar i ei årrekkje, og har også gjeve store bidrag til laget, også i form av både lån og private gåver. Det er også grunn til å nemne «eldre» medlemmar som har vore med og stilt trufast opp som medlemmar av rådet, laget sin representant i bygdelagsnemnda og anna, og/eller som faste innslag på årsmøta, mellom anna Ola Dalebø, Aslaug Myrmel, Ingunn Eiken m.fl., og andre «eldre» medlemmar som trufast stiller på dugnad og samkomer i laget, som m.a. Oddvar Eiken og Magne Skjelvik, og ikkje minst Vigleik Solvang som har gjort ein stor innsats med vedlikehald og utskifting av det elektriske anlegget og brannvarslingsanlegg for heile hytta.

Utover 2000-talet var rekruttering av nye medlemmar og auka aktivitet i laget heile tida i fokus for laget, både på årsmøter og i styret sitt arbeid. Det var mange gode framlegg, og etablering av eiga heimeside på internett var eit viktig tiltak. Likevel må vi nok medgje at laget ikkje lukkast fullt ut med å fylgje dette godt nok opp i samsvar med intensjonane. Etter den store oppbløminga i siste halvdel av 90-talet, gjekk aktiviteten i laget - som fleire gonger i tidlegare tider – derfor gradvis noko nedover, og medlemmar fall frå etterkvart som mange flytta på seg, eller fekk nye fokusområde og interessefelt. Vi klarte heller ikkje å realisere intensjonane med heimesida fullt ut, og med tida var den ikkje oppdatert, eller fungerte slik den var tenkt. Etter kvart førte dette til at laget hadde ein stadig mindre, men stabil og trufast medlemsmasse.

Inntekter frå utleige av Sunnfjordhytta sytte for at vi likevel hadde nok inntekter til forsvarleg dagleg drift, men heller ikkje veldig mykje meir. Det er grunn til å trekke fram den store innsatsen mange einskildpersonar har lagt ned i dette arbeidet, og som med det har gjort sitt til å sikre laget eit stabilt og godt inntektsgrunnlag. Av desse kan særleg nemnast Ekteparet som stod for utleiga i mange år (Kristiansen - Kven tok over (Per/ Rune?), og kva tid, Rune/Mariann sin innsats i styret og med utleiga, No nyleg har Id teke over som utleigeansvarleg.

Dette gjorde at laget klarte å halde vedlikehaldet på eit akseptablet nivå, og det vart stadig gjort mindre opprustingar som utskifting av inventar, nytt gjerde rundt Hesteskoen, og fore-

*Parti frå hesteskoen.*

fallande vedlikehald.

Skjeltefestane i oktober/november var eit årvisst arrangement som hadde god oppslutning, men hausten 2014 måtte vi avlyse festen fordi den kolliderte med andre planar hjå mange av dei faste deltakarane, og det med det var for få påmelde.

11. januar 2015 kom melding frå Rune Førland til styret om at stormen «Nina», som hadde herja over Vestlandet, også hadde råka Sunnfjordlaget med stor kraft, og at Sunnfjordhytta var sterkt ramponert. Store delar av taket var rive av, og det var omfattande vass-skader både på hytta og inventaret. Det var mange rotvelta tre på eigedomen, straumlinja til hytta var riven ned, og det var skader på naustet med øydelagde takplater og skader på båt-opptrekket framfor naustet. Styret vedtok ad-hoc at Rune Førland og Per Johan Askevold fekk ansvar for å fylgje opp skaden med forsikringsselskap, og stå for arbeidet med å få hytta reparert. Etter synfaring

*Nedkjørselen til Sunnfjordheimen*

med takstmann – som for høvet vart flogen inn frå Ørsta – vart det kartlagt omfattande skadar. I den førebelse taksten vart skadane grovt kalkulert til meir enn kr. 1,5 millionar og i samråd med forsikringsselskapet (Gjensidige) gjekk vi i gang med omfattande sikringsarbeid for å berge det som let seg berge, og avgrense skadeomfanget. Laget fekk etablert ein god dialog med forsikringsselskapet, som – sjølv om det økonomisk sett var i nedre sjiktet – tok på seg å handsame skaden som «storskade». I korte trekk innebar det at laget kunne velje mellom å få utbetalt erstatning etter takst, og sjølv stå for arbeidet, eller at Gjensidige tok på seg å administrere og koste å rette oppatt skaden i samarbeid med laget sine representantar. Laget valde å ta mot tilbodet frå Gjensidige. Med det fekk vi profesjonell prosjekthjelp frå Gjensidige, og i samarbeid med deira ansvarlege på skaka – Bjørn Sævild – kom det raskt fortgang i arbeidet med å utbetre skaden. Vi hadde tett og god dialog, men det var også forhandlingar om val av løysingar og omfanget av arbeidet som skulle gjerast. Alt i alt vil vi meine at samarbeidet var særs godt, og at Gjensidige viste storsinn og forståing for argumenta som var framført frå laget, slik at laget kom godt ut av desse forhandlingane. Som vanleg vil vere, var ikkje alle fullt nøgde med alle løysingar som vart valt, men alt i alt meiner vi at Sunnfjordhytta, og eiga laget elles har, kom godt ut av

*Naustet til Sunnfjordlaget.ved Grimstadfjorden.*

forsikringsoppgjeret, slik at eigedomen no står fram som i vesentleg betre stand, og med betre kvalitetar, enn før skaden, og at laget også elles fekk full kompensasjonen for tapet laget vart påført i stormen, mellom anna tap av inventar, skader på uteareal og tapte leigeinntekter.

Skadane på båtopptrekket framfor naustet var ikkje dekka av forsikringa, men er å rekne som naturskade. Laget meldte skaden inn til naturskadefondet, og Morten Sandøy var laget sin representant her. Etter synfaring og skjøn, vart skaden taksert til kr. 75 000,-. Av fleire grunnar, mellom anna fordi det allereie var skade på mur og betongdekke frå tidlegare, og konstruksjonen heller ikkje var optimal, fekk vi avslag frå naturskadefondet på søknad om dekning.

Det har vore eit ynskje i styret at naustet kunne komme i bruk og gje grunnlag for aktivitetar tilknytt laget, men vi såg det ikkje forsvarleg å ta kostnaden med utbetring av muren og betongdekket utan at slike aktivitetar var etablert. Samstundes såg vi med uro på at manglande utbetring kunne leie til auka skadeomfang. Det var derfor gledeleg då Courach-båtlaget «Sunniva», der Eldfrid Vågane (Sunnfjording og no medlem i laget) er ei av 3 medeigarar, tok kontakt i jubileumsåret og ynskte å undersøke om det var råd å leige naustet. Dei hadde naustplass i Nordåsvatnet, men den avtalen enda 1. april 2017. Etter forhandlingar

vart det inngått leige-avtale med «Sunniva-laget» om bruk av halve naustet til båtplass (Sunnfjord-laget har sjølv den andre halvdelen). Avtalen er førebels på 4 år (til 31. mars 2021), der det er avtalt at «Sunniva-laget» for denne perioden betalar leiga med å lage ny støypt mur og armert betongdekke til båt-opptrekket. Arbeidet vart gjort i mai 2017, slik at skaden no er utbetra, og vi har fullgod armert mur og betongplate til båt-opptrekket framfor naustet. Laget har i samband med dette strekt linje ned til naustet og lagt inn lys og straumuttak der. Vigleik Solvang og andre har stått for dette arbeidet, som vart gjort samtidig med omfattande vårdugnad der – i hovudsak styret og Oddvar Eiken – var med og gjorde ein stor innsats slik at hytta vart vaska og malt, og det vart gjort omfattande opprydding i uteområda. Vi må kunne seie oss godt nøgde med at Sunnfjordhytta og eigedomen rundt står fullt opprusta og i prydeleg og god stand i jubileumsåret.

Etter fleire års opphald, stilte Sunnfjordlaget med lagsfana i 17. mai toget i Bergen i 2016, og tradisjonen vart ført vidare i jubileumsåret, der Sunnfjordlaget gjekk fremst i si rode i strålande fint 17. mai-vær, med etter måten godt frammøte og mange tilrop med helsingar og gratulasjonar til laget undervegs i prosesjonen.

Nytt er også at i framlegget til ny reguleringsplan for Grimstad og Stamsneset er gjort ei flott utgreiing om Sunnfjordhytta og eigedomen rundt. Sunnfjordhytta har kvalitetar som gjer at den er særskilt skildra i reguleringsplanen og er klassifisert som kulturminne. Det er venteleg at dette kan legge noko band på kva endringar vi kan tillate oss å gjere for framtida, men det kan også ha positive verknader for laget og for framtidig bruk og utvikling av eigedomen. Det som i alle fall må vere klart for alle er at dette legg eit stort ansvar på styret og laget si framtidige forvaltninga av kulturarven.

**Fana frå 1982, baksida**

**Postadresse:**
**Statsarkivet i Bergen**
**Årstadveien 22**
**5009 Bergen**
**Tlf: 55965800**

**epost: statsarkivet.bergen@arkivverket.no**
**digitalarkivet@arkivverket.no**
**Internett:**
**http://www.arkivverket.no/bergen/om.html**
**http://www.digitalarkivet.no/**

De siste utgavene i denne serien:

1/2009

2/2009

3/2009

1/2010

2/2010

3/2010

1/2011

2/2011

3/2011

4/2011

1/2012

2/2012

3/2012

1/2013

2/2013

3/2013

1/2014

2/2014

3/2014

4/2014

1/2015

2/2015

3/2015

4/2015

1/2016

2/2016

3/2016

4/2016

1/2017

2/2017

*Lese Bergens-posten på farten?:*